

## A.O Vinje, du friske, sterke skald

Av Anders Underdal

Å nei kor sælt å minnast deg  
du friske sterke skald.  
Du syng so hugen hevjar seg  
til høge himmel-hall.  
Og alt av sårt og vondt og fælt  
er gløymt i same stund,  
kvar tone tek so varmt, so sælt,  
det grip i hjartegrunn.

Du syng um fjord og fjell og lid,  
du syng um folk og fe.  
I skjemt du syng um sorg og strid,  
i elsk og gråt du kved.  
Men all din song, dei sterke kvad  
som kveikjer med si glod,  
det var deg sjølv - deg heilt du ga -  
di sjel - ditt hjarteblod.

Og løn for velgjort høyrer te;  
men du fekk stein for braud.  
det ofte vanka spott og spe,  
og stundom leid du naud.  
Du kom med lerkelåt og tru  
ein vårdag etter natt,  
du spreidde friske rosor, du,  
men tornar fekk du att.

Og ingen song so varmt um mor  
som du med dine kvad.  
Du song um hennar kjærleik stor,  
du gjorde mor so glad.  
Og då du trøytna, seig i kne,  
ho tok deg mildt i fang,  
ho signa deg til varig fred  
for all din sæle song.

Henta frå Hyllingskvede til A.O Vinje, Nor-  
rønlaget Bragr, 1968



## Me held fram som me stemnar

Målmannen hev som so ofte fyrr eit blanda innhald. Alt frå spekulasjonar kring norsk-keltisk saga til stoda i Midt-Austen, namnegranskingar, glimt frå filmverdi og fjernsynsserieverdi og moderne norsk litteratur. Elles er det verd å merka seg at stoda for norsk mål knappast er so sterk som ynskjeleg. Me reddast for at me no er inne i ei økonomisk velstandstid der folk snaudt lettar på augneloki um det gjeng attende med noko so lite materialistisk som det norske målet. Godt norskt mål vert mismætt og tilsidesett jamvel etter at samnorskpolitikken er uaktuell. Det trengst hugheile og banebrjotande norskdomsvenner no meir enn nokosinne. So fylg med og styd Målmannen!

### I dette nummeret:

|                         |   |       |
|-------------------------|---|-------|
| Thoralf Bergwitz:       | Innovasjon                                      | s. 2  |
| Lars-Toralf Storstrand: | Kva tyder namnet?                               | s. 2  |
| Olav Torheim:           | Upphev forbodet mot god nynorsk i nynorskmedia! | s. 3  |
| Christen Krogvig:       | Men størst av alt er fridomen                   | s. 4  |
| Jan Hårstad:            | Zugzwang  | s. 5  |
| Lars-Toralf Storstrand: | Spjût, bjälke og rose                           | s. 6  |
| Lars Bjarne Marøy:      | Nynorsk, eit framandt språk                     | s. 7  |
| Kenneth Kiplesund:      | Kva meiner målungdomen um Israel?               | s. 8  |
| Lars Bjarne Marøy:      | Sadistisk feminisme                             | s. 10 |
| Lars Bjarne Marøy:      | Chuck Norris - kampfdrøttsformidlar             | s. 12 |
| Thoralf Bergwitz:       | Ryjarbit og andre gamle stadnamn i Oslo         | s. 13 |
| Thoralf Bergwitz:       | Ikkje tele(mark)-guten                          | s. 15 |

## Innovasjon

Av Thoralf Bergwitz

INNOVASJON er eit fint ord - og mest nytta av dei lærde - av akademikarar og av dei som reknar seg til vitskapsmenn - eller jamvel for dei som fekk det for seg at tungemålet vårt ikkje var brukande i vår "moderne" tidsalder - og difor vart biten av den idéen å skipla på det - og difor tok til med å tukla med det NORSKE TUNGEMÅLET - dei fekk gjerne òg bruk for å nytte dette fine ordet INNOVASJON. Ordet INNOVASJON tyder rett og slett brigde, umgjering, nyhende. Innovere tyder å gjera um eller å innføre noko nytt.

Ordi innovasjon og innovere - var til fremålet nyttige reidskapar. For den alkymering som kom i gang i året 1938. Då laut dei få prestisje for at folk skulde godtaka den nye idéen - det nye hugsvivet. Det var då høveleg med eit prestisjetungt ord.

Og vind i segli fekk den nye idéen - og rasingen av tungemålet fekk ein fjukande start, so tungemålet vart skipla so det retteleg gnistra og kvein millom punktum og komma. Og me var verdensmeisterar i å brigda eit tungemål. Ingen annan stad på jordi var det gjort noko liknande, etter det eg hev frett. Det leide med dette umbotet - det å taka eit framandt mål som grunnlag - putte inn nokre ord og vendingar - og so setje nytt namn på sjølve tungemålet - det var det eine - og dertil - taka nokre ord og setningar i det heimlege målet - og setje dette saman med innvandarmålet - og lansere det som det nye nasjonale tungemålet vårt - NYNORSK! So vart me supernorske!

Men so kom det ein dag - der sjølvaste det nasjonale rådet i landet - til vanleg kalla stortinget - kom til sans og samling - og

gjorde vedtak um - at i alle fall den siste målumboti, var eit vedtak bak mål - og beint fram oppheva det siste målblandingsvedtaket.

Men - kva hendte ettesida? Jau - alt vart verande som fyrr. Målblandingsvedtaket frå 1938 og 1959 fekk liva i "fred" - som fyrr - so lengje det kann vara. Spursmålet um eit so usystematisert tungemål - i det heile - kann hava livets rett - det vert stendigt meir påtrengjande. Dersom det ikkje det heve, so døyrt det visseleg av sjølve seg. Eit tungemål som ikkje hev styrkje i seg sjølv til å leva - det vert som med livet åt Bendik - som trødde gullbrautine - han var ikkje lagje (ikkje LAGA) til atter koma - og difor so laut han døy - ÅROLILJA (du norske nordmann) kvi søve du so lengje?

## Kva tyder namnet?

Av Lars-Toralf Storstrand

Ervemnet fortel oss at Harald Hårfagre fekk det tilnamnet av di han let håret og skjegget sitt veksa og veksa til dess han hadde samla alle småkongedømi i Noreg under seg. No samla han rett nok ikkje heile Noreg, slik me kjenner det i dag, men det er helder ikkje det eg skal retta nokre peikepinar mot her.

Det er gjengs historisk syn her til lands at det var marginalt samband med keltiske folkegrupper fyre Vikingtidi, og berre liten kontakt, og då ikkje nemneverdug vensæl etter at vikingtidi byrja og skreid fram.

Underskrivne trur ikkje at det er rett.

Ei av årsakene til det er tette band millom norrønt og gælisk i etter måten mange ord - utan at det her er råd å koma nærare inn på det, i denne samanhangen.

Eg skal for skuld argumentet taka fyre meg tvo namn her; eit tilnamn og eit fyrenamn. Lat oss sjå på fyrenamnet fyrst. Det er namnet Øyvind - eller Eyvind.

Etter å ha konsultert ei rad namnebøker og oppslagsverk um namnet Øyvind rår det liten tvik um at det ikkje finst nokor sakssvarande forklaring på kva namnet eigenleg tyder. Men sume hev slutta seg til at det visstnok skal tyda:

"Frå gamalnorsk Eyvindr, som kem frå 'Ey', som tyder 'Øy' og 'Vindr' som anten tyder 'Siger' eller 'Vind'"

Vandemålet med ei slik forklaring er at det kolliderar med namngjevingsvedvanen elles. For å konkretisera det: Kva skulde vel "Øy-Vind" eller "Øy-Siger" eller "Øy-

Sigar" tyda? Det næraste ein kann koma, men det verkar meir fåmeint enn truverdug - er at det handlar um ein mann som hev sigra i "Holmgang" - og ikkje eit lite barn. Det finst no kor som er eit irsk-gælisk namn "Aoibhín, Aoibheann", som uttalest "Eivin, Eiven". Det namnet tyder "fager, vakker", og det er ikkje atypisk når det gjeld namngjeving av born.

Mot dette skal det setjast fram at det i moderne irsk-gælisk evlaust er eit gjentennamn - men det tyder ikkje at namnet hev vore kynslaut i tidlegare tider - eller at det kann hava skift kyn i kontakten millom folkeslagi. Det hev hendt med andre namn.

So skal me venda attende til Harald Hårfagre. For her finst det eit keltisk namn, lite bruka i dag - som tyder Hårfager - men ikkje i vår moderne meining "fagert, vent hår". Og ein kann alltid spyrja um hår og skjegg som veks ustelt gjennom eit tiår er for serleg fagert å rekna.

Men dersom me tenkjer "fager" i tydingi fin, tynn, som fjonut hår å rekna og so tek fyre oss det gæliske namnet "Fionnbharr" (namnet hev ulike uttalar på ulike gæliske dialektar og 'b' er etter alt eg hev grunn til å tru tagall i uttalen), som tyder "tynt, fagert, dunut hår", so er det ikkje urimeleg at me er nær sanningi.

Når dette er sagt, legg eg med dette hovudet på blokki og ventar på at dei profesjonelle namneforskarane skal lyfta øksi. Takk for meg.

## Gåvelista

I alt 8550 kr frå...

Norsk Israelsenter, 2500 kr, Jostein Krokvik, Fiskåbygd, 700 kr, Arnold Lund, Sandnes, 350 kr, Edith Bøe, Hasselvika, 350 kr, Per Inge Bale, Øvre Årdal, 350 kr, Kåre Flokenes, Stavanger, 300 kr, Arnold Lund, Sandnes, 300 kr, Jostein Budal, Lesja, 200 kr, John Artur Marhaug, Bergen, 200 kr, Thoralf Bergwitz, Arendal, 150 kr, Magne Myhra, Voss, 150 kr, Svein Arne Myhren, Holmefjord, 150 kr, Kjell Bjørn Minde, Stord, 150 kr, Magne Myhra, Voss, 150 kr, Anna Sunniva Bjordal, Melhus, 150 kr, Laurits Killingbergtrø, Oslo, 150 kr, Nils-Aksel Mjøs, Bergen, 100 kr, Kari Neverlien, Oslo, 100 kr, Olav Felland, Dalen, 100 kr, Tor Helge Langsholt, Oslo, 100 kr, Kåre Flokenes, Stavanger, 100 kr, Arild Løvestad, Sverige, 100 kr, Herman Ranes, Trondheim, 100 kr, John Kibsgaard, Fiskarstrand, 100 kr, Frode Viste Ringheim, Mo i Rana, 100 kr, Bjarne Målsnes, Kokstad, 100 kr, Jens Brekke, Vik, 100 kr, Magne Myhren, Oslo, 50 kr, Kolbjørn Heggstad, Ask, 50 kr, Torgils Vågslid, 50 kr, John Ole Askedal, Oslo, 50 kr, Olav Veka, Brumunddal, 50 kr, Kenneth Kiplesund, Volda, 50 kr, Frøystein Rasch-Halvorsen, Norheimsund, 50 kr, Jørund Eldevik, Bodø, 50 kr, Asbjørn Roaldset, Oslo, 50 kr, Jørgen Vogt, Oslo, 50 kr, Kari Dyrstad, Kongsvinger, 50 kr, Magne Myhren, Oslo, 50 kr, Svein E. Kvamsdal, Volda, 50 kr, Torstein Sausjord, Voss, 50 kr, Dag Gundersen, Oslo, 50 kr.

*Hjartans takk for gåvone!*

## Lat oss få god nynorsk i nynorskmedia!

Av Olav Torheim

For ei tid sidan vart det laga opprop under tite-len "Opphev forbodet mot nynorsk i Dagbladet og VG". I dette oppropet vart det argumentert med at nynorskbrukande journalistar i Akersgata vart nekta å nytta målet sitt redaksjonelt. Målmannen tykkjer vel um alle initiativ som hev til fyremål å fremja meir nynorsk, men korleides stend det til med dette demokratiske sinnelaget i dei institusjonane som sjølve nyttar nynorsk?

For ei tid sidan vart eg i privat samanheng intervjuet av den sunnmørske regionalavisa Sunnmørsposten. Intervjuet vart gjort av ein frilansjournalist, og som vanleg bad eg um å få tilsendt den endelege utgåva av intervjuet til godkjenning fyre det kom på prent. Det intervjuet som eg til slutt godkjende var skrivne på tollegat moderat nynorsk, og undren vart eg difor då eg såg at i den endelege utgåva var det gjort ei rad språklege grep frå redaksjonelt hald: "Noreg" hadde vorte til "Norge", "me" til "vi", "gje" til "gi", "fyrst" til "først", "so" til "så", "klote" til "klode" osv. Den einaste systematikken som var å sjå i desse endringane var at redaksjonen konsekvent hadde brigda tradisjonelle jamstelte former til bokmålsnære tilnæringsformer. Når det galdt umskrivningi frå "Noreg" til "Norge" so fanst det ikkje heimel for dette i det heile. "Noreg" er einaste lovlege form i nynorsk.

Eg sende difor eit brev til Sunnmørsposten og bad deim gjera greida for desse brigdi. Låg det nokon medviten språkpolitikk frå Sunnmørsposten si sida attom den bokmålstilnærmingi som so lett let seg dokumentera? Eg er redd det svaret eg fekk frå Sunnmørsposten er sopass representativt for tenkjingi i nynorskmedia at eg vel å gjeva att nokre utdrag frå korrespondansen.

Frå kulturredaktøren i Sunnmørsposten fekk eg fylgjande svar:

*"Språkpolitikken i Sunnmørsposten går ut på at at både bokmål og nynorsk skal ligge nærast mogleg talemålet. Når det gjeld ordet "Noreg", så har Sunnmørsposten i alle år hatt den praksisen at vi skriv Norge både på bokmål og nynorsk."*

For oss som skriv høgnorsk hev "talemålsnær nynorsk" aldri vore noko sentralt poeng. Tvert um legg me vinn på å nytta eit godt mål både i skrift og tala, og utvidar gjerne ordtilfanget med nye norske ord og segjemåtar. Ikkje minst for oss som nyttar nynorsk i eit storbymiljø er det fyremunleg å nytta ein nynorsk som ikkje er knytt til nokon serskild stad i Noreg, men som er landsgild og fullgod på alle umkverve. Me skriv ikkje nynorsk for

å markera kvar hen i landet me kjem i frå. Det hev tvert um vore ei ulukka for nynorsken at bygdefolk som flytter til byen hev assosiert nynorsken med det samfundet dei forlet, og difor teke til å knota bokmål i staden.

Men um ein fyrst skal kjøpa argumentasjonen um "talemålsnær nynorsk", so er det neste poenget vårt at former som "me", "fyrst", "gje", "so" osv faktisk er dei som ligg nærast sunnmørsmålet. Undantaket her er ålesunds-dialekten, som er mykje nærare bokmål. Men i Ålesund skriv dei bokmål, og Sunnmørsposten hev i alle år nytta bokmål når dei skriv um saker frå Ålesund. Og "talemålsnær nynorsk" skulde ein normalt tru dei meinte nynorsk basert på talemålet åt dei som skriv nynorsk. Det var i alle fall ingen grunn til å gå utanum gjeldande rettskriving med ulovlege former som "Norge" når dei enno ikkje hadde utnytta potensialet i dagsens nynorsk til å skriva talemålsnært med lovlege former.

Til motleggi mine svara Sunnmørsposten: *"Eg noterer meg synspunkta dine. Vi er nøye med å passe på at folk frå nynorsk-kommunar blir intervjuet på nynorsk, men vi har ikkje tidlegare fått reaksjonar på at me blir retta til vi. Vi har ikkje forbod mot å bruke formene du nemner -bortsett frå Noreg..."*

Um nokon vil sitera oss høgnorskarar på bokmålsnær nynorsk, eller reinhekle bokmål for den saks skuld, so legg me oss ikkje upp i det. Me freistar å skriva so god nynorsk at det vert mynsterdanande for andre, me hev ikkje tru på tvang som verkemiddel. Helder ikkje eg hadde reagert um journalisten som intervjuet meg skreiv "vi" og det i artikkelen som stod på prent stod "vi". Poenget her var at journalisten som intervjuet meg nytta konservativ nynorsk og redaksjonen "retta" det til bokmålsnær nynorsk. Um ein privat institusjon som Sunnmørsposten skal innføra ein eigen "sunnmørsnynorsk", so bør det i alle fall gjerast kjent slik at me fær eit offentleg ordskitte um det.

For framleis er det slik at mange trur at samnorsktidi er umme, og at det er ein fri målvokster i Noreg. Men i røyndi finst det store og tunge institusjonar som modererer og sensurerer dei som vil skriva godt norsk mål. Ikkje berre vert dagsens forfattarar pålagde av Det Norske Samlaget til å skriva mest mogleg bokmålsnær nynorsk, jamvel nyutgjevingar av nynorske klassikarar som "Haugtussa" vert umsette til "moderne nynorsk", og i neste umgang trur folk at originaltekstene var slik. Den klassiske mistydingi som me høgnorskarar gjerne støyter på, er at me ikkje hev

# Målmannen

### Utgjevar:

Samorganet Målmannen

### Tilskrift:

Målmannen  
Natland stud. by S136  
5081 Bergen

### Bladstyrar:

**Olav Torheim**  
olaveth@start.no  
Tlf 55 28 23 70  
Mobil 99 15 64 28

### Netstad:

<http://maalmannen.sambandet.no>

Bladpengar kr 150,-

Bankgiro 2291 14 45666

*Målmannen fylgjer redaktør-plakaten.*

heimel til å nytta ei form som "millom", for Ivar Aasen skreiv då "mellom bakkar og berg"! Men gjorde han verkeleg det?

Frå tidi mi som gymnasiast hugsar eg at dei nynorske parallellutgåvone av lærebøker frå bokmålsforlaget Gyldendal hadde eit tollegat godt mål, medan lærebøkene frå nynorskforlaget Samlaget var lagde so nært upp til bokmål som det var mogleg å få det. Den dårlegaste nynorsken kom frå nett dei som hadde til fyremål å få nynorsken fram.

Sams for desse store og tunge nynorskinstitusjonane er at dei tek i mot millionar i studnad frå staten som dei nyttar til å byggja upp fyrestellingar um at det i Noreg er språkfred og at den bokmålspåverknaden som breider seg ut i målføri er resultat av "naturlig utvikling". Til dømes kann språkrådsdirektøren gjera utspel um at engelsk er eit trugsmål mot det norske målet, men når bokmålet et svart um seg i målføri vert det burtforklára kringum på nordiskinstitutti i Bergen og Oslo med "regionalisering" og "forenkling".

Ein må difor spyrja seg kva som fær ei regionalavis som Sunnmørsposten til å innføra si eigi private rettskriving, som ikkje berre grunnfester dei mest bokmålsnære formene i gjeldande rettskriving, men som jamvel gjeng hakket vidare og påbyr reine bokmålsformer. Kann det kort og godt vera av di altfor god nynorsk vilde utløysa krav um meir nynorsk?

## Men størst av alt er fridomen

### - Ei bok um islamiseringi sine konsekvensar i Europa

Av Christen Krogvig

Hege Storhaug:  
*Men størst av alt er friheten.*  
*Om innvandringens konsekvenser.*  
 Kagge Forlag, 2006. 276 sidor.

Tidlegare dagbladjournalist Hege Storhaug er med kvart vorti kjend som leidar for "Human Rights Services". Ho hev jamnt og trutt vore med i ordskifte knytte til ulike fylgjer av islam sin frammarsj i Noreg. I høve til islam er det ei rad ulike grupper som kjenner seg truga av denne politiske ideologien i religiøs drakt.

Storhaug er fyrst og fremst feminist. Tidlegare hev ho gjeve ut fire bøker. Tri av dei tek upp kvinner si stoda under islam og ei onnor tek fyre seg kvinner og eteforstyrringar. Og i denne boki med tek ho upp slike emne. Boki tek til med saga um den afghanske kvinna Anooshe som skilde seg frå ein sers valdeleg ektemann ho aldri hadde ynskt seg. Eit heilt lokalsamfund vart oppmoda um å passa på henne, men ektemannen drap henne då ho skulde møta honom i retten. Anooshe hadde brote med den islamske sharia-lovi med di ho skilde seg og gjekk saman med dei "vantru" nordmennene. Slik meinte muslimane at ho hadde brote med islam. Og det er eit brotsverk det er dødsstraff for i islamsk rett.

Boki held fram med å kasta ljøs yver korleides muslimane nyttar giftarmål for å kunne busetja seg i Noreg og slik forsyna seg av norske materielle verdiar. Men dei demokratiske og humanistiske tradisjonane våre svivyrder dei. Sume muslimar meiner at nordmenn, og serleg kvinnone våre, er ureine. Men pengane våre luktar ikkje. Dei vil innvandrane ha, fortel Storhaug. Men arbeida for dei er det mange av dei som ikkje vil, eller kanskje ikkje ein gong fær lov til? Muslimske kvende vert stengde inne i heimen og skal helst ikkje få vita korleides fridomen smakar. Ofta gifter muslimane seg med skyldfolk i heimlandet. Mange unge vert tvinga til å gifta seg. Ikkje av kjærleik, men for at familien skal kunna føra fleire menneske hit som kann forsyna seg av dei pengane nordmennene svarar i skatt for arbeidet sitt.

Storhaug held fram med å gjera greida for skikken med kynslemlesting, umskjering av kvinner. Slik lemlesting



var funni opp fyre islam uppstod, og lemlestingi er berre påbodi i ein av dei muslimske lovskulane. Men skikken vart tilrådd av Muhammed. Storhaug argumenterar difor for at dette er ein skikk som ikkje kann lausrivast frå islamsk religion.

Desse vandemåli er nok velkjende for mange. Men boki kjem med ei rad døme på konkrete einskildsaker slik at lesaren i større mun skynar kor fælslege yvergripi må være for dei som kjem ut for dei. Når ein les boki, fær ein soleides ei kjensla av kva som motiverar forfattere. Ho tykkjest å ha ei djup medkjensla med ofri for islam. Ho arbeider på heiltid med å avverja det ho er yvertydd um kann verta ein katastrofe for heile Europa, medan andre påstadne feministar og humanistar anten ikkje skynar kva som hender, eller ikkje bryr seg. Jamvel um Storhaug ser seg sjølv som ein feminist, tek ho i boki ei oppgjerd med norske feministar som er upptekne av bagatellar medan dei vender det dauve øyra til redsleskriki frå kvinner og born som vert råka av dei mest groteske yvergrip i namnet åt Allah. Storhaug syner til at det er norske karar, ikkje feministane, som er mest upptekne av lidingane til innvandrar kvinnone i Noreg. Avsnittet endar slik: *"Jeg vil overhodet ikke assosieres med denne formen for feminisme."*

Storhaug skriv ikkje berre um tema knytte til islam i Europa og den påfylgjande tyningi av kvinner, jødar og homofile. Ho tek upp heile breiddi i innvandringspolitikken. Ho fortel om ein

muslimsk strategi for ekspansjon ved folketalsvekst (det er verdt å merka seg at nazistane var inne på same tanken). Og ho syner at folkesetnaden i dei muslimske landi berre aukar på, endå so mykje utvandring det er. Muslimane eksporterar fattigdommen sin til Europa og arbeider samstundes for å verta ein maktfaktor i vår heimslut med.

I dei seinste åri hev det kome fram ei rad andre urovekkjande fakta um innvandringi til Europa. Storhaug nemner til dømes dei økonomiske analysane som syner at innvandringi kann kosta Noreg heile oljeformua. Ho tek upp kaoset og anarkiet i europeiske forstader. Ho viser til etterrøkjingar som hev synt at millionar av europeiske muslimar styd terror mot Europa - det Europa som hev gjeve deim alt. Og verst av alt syner ho til framskrivningane som syner at Noreg og andre europeiske land kann få islamsk fleirtal innan 50-100 år.

Det hev longe vore kjent at um lag 2/3 av valdtektene i Oslo vert gjorde av innvandrare. Kvifor denne vondskapen mot kvinnone i det landet som hev gjeve deim so mange milliardar? Jau, ei kvinna utan slør og som gjeng ute um kvelden, vert rekna som ein ikkje-muslim. Dei kann dei difor valdtaka, tenkjer sume.

Eg tykkjer Storhaug er ein av Noregs største heltar. Boki hennar er spanande og godt skrivi. Dei påstandi ho set fram samsvarar med det eg hev lese andre stader, utan at det vil segja at alt er sant. Men på meg verkar dokumentasjonen solid, og boki hev 20 sidor med kjeldetilvisingar. Storhaug er verkeleg ein ekspert på dette temaet. Eg vil tilrå denne boki til alle som ynskjer å forstå kva som hender med Europa. Men det er viktugt å taka kvileykter i lesingi. Elles kann ein verta for vonsviken medan ein les.

**Høgnorsk**

**Målet som ikkje vil døy:**

<http://sambandet.no/ordlista>  
<http://sambandet.no/grammatikk>



## Zugzwang

Av Jan Hårstad

Når ein vert nøydd til å velja millom tvo dårlege løysingar, heiter det på internasjonalt sjakkspårk Zugzwang (på norsk trekk-tvang). Etter at USA i mange år hadde ført krig i Irak utan eigenleg å skyna at dei hadde fare fram som leigesoldater for Iran sine stormaktsambisjonar i regionen, gjekk det med kvart upp for Det Kvite Huset at det var Iran som var hovudfienden.

Desse innsynene fører no um dagen til ei bratt umlegging av utanrikspolitikken til bate for Sunni-straumdragi i arabisk politikk. Problemet med denne umleggingi er berre at den krigføringi som alt hev vore mot sunniar i Fallujah, Ramadi og Samarra, for ikkje å tala um i Gaza, hev ført til ei radikalisering av sunniar som no flytter seg nærare Al-Qaida og andre brutalitetar.

Både Israel og USA ynskjer seg eit Midtausten nyuppkløyvt med heilt nye kart, ikkje berre vert Irak kløyvt i tri bitar, dei hev jamvel eigne planar for Libanon, Syria, Iran og Saudi-Arabia. No er det i augneblinken den merkelege alliansen Saudi-Arabia/Israel/USA som køyrer den nye lina si mot aksen Syria/Hizballah/Iran.

Det mest fantastiske som hev hendt på norsk "vinstresida" i det siste året var oppfatningi av at khomeinistane i libanesiske Hizballah var heroiske modellar for demokrati og framsteg. Alt det dette fortalde var at me snaudt hev nokor vinstresida i Noreg, men nokre forvirra romantikarar som trur alle som kjempar mot Israel må vera nokre store karar.

Frå Libanon vert det no fortalt at Hizballah er åt å setja upp ein eigen ministat. Velståande entreprenørar er på farta for å kaupa upp sunni- og drusar-landsbyar som ligg nord for Litani-elvi og med ein sving frå Bekaa-dalen til havet ved Tyr. I nær framtid er det ting som tyder på at det innanfor denne enklaven kjem til å verta utropa ein islamsk republikk - inne i den sjølvstendige staten Libanon. Alle i Libanon veit at innan året er umme kjem det til å koma ein ny krig, og 10 000 av dei mest velutdana og velståande hev alt pakka kufferten og er på veg ut or landet.

Det som er tydeleg for nokon kvar er at Saudi-Arabia og USA veltar inn økonomisk og militær studnad til regjeringi Saniora, som atter distribuerar desse resursene til ikkje berre heren og politiet, men jamvel til sunni-miljø som dei trur kann tena som militære støytputor mot Hizballah. Her hev det vore nemnt grup-

pone Fatah al-Islam og Asbat al-Ansar, som faktisk er å finna under Al-Qaida-paraplyen, og som dei kloke strategane no meiner må til for å få knekt "hovudfienden" Iran-Hizballah. Dette må ein karakterisera både som Zugzwang og gambitt på same tid um det er råd. Strategien ser burt frå at hatet til Israel/USA i ein krigssituasjon kann verta langt større enn motsetnaden millom sunniar og shiaer når det blæs upp til krig. Det same prosjektet vart sett i gong i Palestina der ein vilde byggja upp Fatah militært for at desse skulde taka seg av Hamas, og Saudi-Arabia gjorde ein kraftfull freistnad på å kaupa Hamas ut or Iran sitt famntak under møtet i Mekka.

Når den israelske heren i helgi 23-24 feb gjekk inn i Nablus og kjempa ut regelrette slag er det av di denne byen hyser dei aller fleste av Hizballah sine innsugla militære instruktørar, raketekspertar og bombemakarar. Ein ser no korleides det byggjer seg upp ein vev i Midtausten der trådane kverv burt og dukkar upp att i ein komplisert ornamentikk.

Offisielt skal Syria og Iran vera militært allierte, men dette vert ikkje like lett når det kjem til spursmålet um kven som skal ha kontrollen på Hizballah. Religiøst og økonomisk er det ikkje tvil um at Iran er den tyngste, men når det gjeld meir kvardagslege, konkrete saker i militære og logistiske spørsmål, er Syria langt nærare, må vita. Herfylkingar frå Hizballah-styrkane gjeng inn som komponentar i den syriske militære planleggingi - og den nye Hizballah-staten - til dess at den syriske grensa er rusta opp med lengre rakettar og nye bunkerar, reiduge til krig mot Israel.

Vituge folk, kva dei no skulde finna på å setja på seg av merkelappar, lyt i denne stoda slå eit slag for Libanon sitt nasjonale sjølvstende og suverenitet. Libanon er ein småstat med nær norsk folketal som i augneblinken hev vorte ei slagmark for imperialistisk krigføring. Og dette er noko som i nær framtid kann råka ein kva som helst slags småstat.

Ein rett politikk i denne stoda er å stydja alle åtgjerder som styrkjer Libanon sitt nasjonale sjølvstende, og kvasst avvisa at serskilde sekter krenkjer dette med å setja upp ministatar stude av regionale stormakter. Her trengst det ei klår avvising av norsk "vinstreside"-romantisering av politisk islam som - um me skal tru desse - hev vorte den nye bolsjevismen. Verre på vidotta kann ein snaudt koma.

## Dvask mangfeldeungdom

I midten av mars var det landsmøte i NMU. Målungdomen hev vore so greide å leggja sakspapiri sine ut på verdsveven, difor er det fritt fram for oss til å kommentera frå sidelina.

På NMU-landsmøtet gjorde målungdomen millom anna vedtak um eit nytt "internasjonalt program". Siste gongen dei vedtok eit slikt program var på landsmøtet i Sandane i 2002. Millom andre vedtak frå den gongen minnst me at NMU var mot USA si krigføring i Afghanistan og vilde sparka innvandringsmotstandaren Harald Trefall ut or Vestmannalaget.

Det er lite nytt med det NMU skriv i framlegget til internasjonalt program. Generelle formuleringar um "kultur mangfelde", "motkultur", "språkleg og nasjonal sjølvråderett", "kulturimperialisme" og ikkje minst rikesleg med referansar til "tradisjonar" og "lokal kultur" hev me høyrtd tidlegare. Det som derimot er slående er kor mykje mindre konkret det nye programmet er. Det gamle internasjonale programmet var fullspekka med klare politiske standpunkt: Nei til EU og EØS, nei til NATO som verdspoliti og nei til WTO (sume hugsar kanskje NMU sin bunadseksjon i demonstrasjonen mot verdsbanken i 2002). I det nye programmet vert det so vidt nemnt at dei framleides er mot EU.

Det gamle internasjonale programmet hadde dessutan ein eigen bolk med titelen "Eit fleirkulturelt Noreg". Her vart det i kjent stil argumentert med at Noreg hev vore fleirkulturelt heile tidi (samar, kvenar og dilike) og dagsens framandkulturelle innvandring er berre "ny fleirkultur". I det nye internasjonale programmet finn me derimot ingen referansar til dagsens ordskifte kring innvandrings- og integreringspolitikk. Er det nye lærdomar frå tidi etter 11. september som er åt å siga inn? Eller hev dei berre funne det mest opportunistisk å liggia lågt denne gongen? Det er lov å vona på det fyrste, men me held nok ein knapp på det siste.

**Dvergemalet**

## Spjût, bjálke og rose

Av Lars-Toralf Storstrand

Gløym alt du hev lese deg til både i bøkene til Dan Brown og; Michael Baigent og Richard Leigh. Gløym tanken um at den heilage gralen eigenleg er livmorsfrukti åt Marjam av Magdala - det er pylseveg av verste slaget. Eller for å seja det på dialekt: Det heng ikkje på greip. Når det er sagt, kann det henda at det du kjem til å lesa i det fylgjande ikkje heng på greip det hell - men det er i minsto spanande. Fyrst lat meg greida ut kva som ligg dult i yverskrifti: "Spjût, Bjálke og Rose", slik at du, jamvel um du alt hev skyna det - nok kann skyna det litt betre.

### Definisjon

I dette skriftet handlar "spjut" um sjølvaste lagnadsspjotet, spjotet som Jeshua - etter segni vart stungin med - "bjálken" handlar um det trestykket som vart nytta som tverrbjálke då Han vart krossfest - og med "rosa" meinest den heilage gralen - kiddushstaupe som Josef av Arimatea etter segnet skal hava samla upp noko av blodet, som rann frå den krossfeste Jeshua med, og som dinæst hev fenge den magiske evna å gjeva folk æveleg liv.

### Mytespinning

Dei siste tretti åri hev me set at det hev vorte produsert ei lang rad filmar og bøker som tek fyre seg både det brownske og baigentsk/leighske synet - og det seinaste. Men lat oss sjå vekk frå alt dette.

Den amerikanske-britiske forfattaren Stephen Lawhead, ein av dei framste fantasi-forfattarane i verdi, hev i ei rad bøker dei seinaste åri vist seg som ein habil skrivar av historisk fiksjon med. Bøkene um dei keltiske krosstogi viser dette sers godt - for her tek han fyre seg eit, forvitnelegt nok, men mindre kjend avbrigde av gralssegnene som finst - endå me, som nordmenner, kann henda absolutt burde kjenna henne betre enn nokon. Det skal eg koma attende til seinare.

### Synoden i Whitby

I 664 fekk ei av dei mest dramatiske hendigane i vestleg kyrkjehistorie eiga rom. Kristi tru i England voro på denne tidi splittra i tvo sers ulike greiner. Piktarne, eirarne og britarne heldt seg til den keltiske trui med utspring frå klosteret på Hy (no: Iona) som hadde røter i gresk-ortodoks kristenlæra - og den sud-irske og frankiske romarkristendomen.

Samlingi ved Whitby-klosteret i 664 handla um kva tid påsken skulde feirast - etter katolsk eller ortodoks utrekning, og um korleides prestane skulde skjera tonsur. Dette siste vart rekna for sers viktugt, sidan det var eit

identifiseringsmerke som skilde dei romerske prestane og munkane frå dei keltiske. Dei romerske prestane nytta rundtonsur - der dei barberte vekk alt håret med undantak av ein ring kring heile skolten, medan dei keltiske prestane - skreiv til seg ein sed som gjekk attende til Antiokia - der dei barberte fremre luten av skolten frå øyra til øyra, og let håret veksa fritt bak.

Fylgjone vart ikkje minst at store delar av den keltiske kyrkja vart katolisert i det ytre - medan dei som heldt fast ved den usmitta keltiske læra for ein stor del gjekk under jordi. Mange av dei slo seg ned i Skotland.

### Célé Dé

Stephen Lawhead skriv sine historiske fiksjonar tufta på eit gamalt erveminne frå Célé Dé - som hevdar å ha eksistert i løynd heilt sidan 600-talet og fram til slutten av 1800-talet.

Og dette erveminnet hevdar at både lagnadsspjotet, tverrbjálken som Jeshua vart spikra til fyre han vart krossfest og kiddushkoppen frå påskemåltidet - som Josef av Arimatea - etter segni tok vare på, via umvegar hamna i Skotland - nærare sagt på ein løynd stad i nærleiken av Kataness - Caithness. Her skal han ha vorte teken vare på - for at han ikkje skulde hamna i henderne åt paveveldet, tempelriddarane og andre sekter som gjerne vilde hava kontroll med relikvia.

Men lat det no endeleg vera sagt at denne skrivaren ikkje legg nemneleg vekt på um tinggreidone er røynelege eller ikkje. Dei som hevdar seg å hava greide på sovore segjer at det skal vera nok treflisor spreidde kring i romersk-katolske kyrkjer til å fylla ikkje reint fæe vedfamnar - nok til å laga 400 krossar - minst.

### Druidismen

I gamal-keltisk, fyrr-kristeleg religion (druidisme), som i dei fleste religionar kring um i verdi heiter det seg at alle land og rike hev ein navle, eit åndeleg og kulturelt sentrum. I gamal-keltisk gudedyrking vil ein finna mange "navlar", "omphali" - eller for den skuld saki ogso "nexi" (eintal: nexus) som eikelundar, rognelundar, skiftet millom land og vatn, typiske grenseskil som bekker, elvar, osb. På sume sovorne stader kann ein finna både steindysor og dolmen, uppreiste steinar og steinsirklar av ulike slag. Når ei keltisk stamme flutte på seg - reiste derwyddien (druiden) av garde for å leita upp ein slik stad - og når han hadde funne denne staden visste han kvar den nye heimen deira skulde liggja -

og før attende for å henta folket dit.

### Kristningi av Noreg

Det forvitnelege med dette er sterkt knytt til Noreg - og kristningi av landet. Dei fleste historiebøkene veit å fortelja at Noreg vart kristna kring år 950-1000. Like fullt finst det historiske spor som tyder på at kristi tru var kome til Noreg longe fyre dette - kann henda so tidleg som på 600-talet. Med det er ikkje sagt at Noreg vart kristna so tidleg - men at det var skilnad på den kristendomen som nådde landet på dei tvo tidspunkti. Den tidlege keltiske, og den seinare romersk-katolsk, jamvel um Olav Haraldsson, som ber namnet av å vera den som kristna Noreg, ikkje under noko umstende høyrde til romarkyrkja, men var ortodokst døypt i Russland.

### Litt spekulasjon

Lat oss no spekulera litt. Dersom dei som flydde frå romarkyrkja etter Whitby-synoden i 664 og slo seg ned i Skotland - um ikkje tidlegare (det er tenkjeleg at det kann ha vore utsendingar frå Iona) sende ut misjonærar, for dei var ei sterkt misjonærande kyrkja - so kann desse misjonærane ha hamna i Noreg.

Lat oss so òg taka med i spekulasjonane kvifor Olav Tryggvason reiste nett til Mostrating då han kom for å setja Kristenretten. No skal du få høyra ein forvitneleg teori: Dersom keltiske misjonærar, med sedvane og erveminne millom ferdagadset reiste nordetter yver Nordsjøen og enda i Noreg, er det ikkje urimelegt at dei hamna på Moster. Dersom dei gjorde det - er det helder ikkje urimelegt å tru at dei fann Bømlo som ein høveleg "iomlagh", "navlen" - eller det nærskylde norrøne ordet "bymbil" som vågnadleg hev gæliske røter, tyder "navle" og er rotordet for "Bømlo".

### Berre ein hypotese

Det er kor som er viktugt å koma i hug at dette per i dag berre er ein sterkt nedstytt hypotese, og det vil krevja ein del arbeid både i gælisk ordtilfang og den historiske kommunikasjonen som hev bore til millom våre folkeslag - tidlegare enn mange historikarar helst vil lika å tru.

Men kva hev dette med yverskrifti på artikkelen å gjera, spyrr du visseleg. Jau, det handlar um ei samtala som eg alt for mange år sidan hadde um både lagnadsspjotet, krossbjálken og Kiddushstaupe - gralen med ein person som hadde studert gamalkeltisk kristendom. Me snakka både lenge og vel um både det eine og det hitt av det eg hev vore innum i dette stykkjet - men so tok ordskriftet ei uventa

vending.

"Du veit alle desse segnene um gralen og det der - nokon meiner at dei finst der og andre der."

"Ja, det kjenner eg til", svara eg.

"Men veit du kvar dei verkeleg er?" spurde han.

"Det er det vel ingen som hev aning um," svara eg.

"Jau då. Dei er dulde på Bømlo," svara han.

Det var eit svar eg ikkje under noko umstende hadde venta meg - og eg skal ikkje her taka stoda til um der sant eller ikkje. Men spanande - dét er det.

## Nynorsk, eit framandt språk

Av Lars Bjarne Marøy

Nordmenner er sume tider sers huga på å læra seg andre språk, i minsto engelsk. Men elles kann me vera radt slurvesame. Interessa for å læra seg språk er for tidi minkande. Dei siste 15 åri hev det vore stødt færre elevar som tek framandspråk på vidaregåande og språkstudium på universitet eller høgskule.

I andre land legg folk arbeid i å læra seg sitt eige språk. Noreg stend soleis i ei serstoda når det kjem til det målet som hev 1000 års rot i landet. Dette målet er det burtimot null interessa for å læra seg skikkeleg. På papiret hev nynorsken ei sterk stoda. Det vert gjeve nynorskundervisning på alle ungdomsskular og på vidaregåande skular. I nynorskdistrikti kjem det ut avisor på nynorsk. Men på sume felt er nynorsken heilt burte, serleg innanfor populærkulturen, som ved teksting av DVD-filmar. Kven hev nokosinne sett ein DVD-film med nynorsk tekst? Islandsk og for alt me veit færøysk og grønlandsk kjem fyre nynorsk.

Interessa for å debattera stoda for nynorsk er stor. I målrørsla finst det ei rad mållag som elsker å diskutera korleis målet skal vinna fram. Entusiasmen millom nynorskjåvinistane er stor. Dei nordiske institutti hev oppglodde og yvertydde nynorskbrukarar. Store fleirtalsregionar på Vestlandet hev reine nynorsk kommunar.

Korleis er so stoda for nynorsken til dømes i ein kommune i det som gjerne vert oppfatta som nynorsk kjerneland, Førde? Jau, ein lærar som underviser i norsk hev røkt etter millom elevane sine. Me veit ikkje um det kann ha vore gjort kvantitative gleppar her, slik som Målmannen tidlegare hev påvist i forskingi til ein språkhaldningsforskar, men utan umsyn til det, er det verd å sjå på kva som kjem fram i denne utspyrjingi.

Denne nynorsk læraren er ikkje snaudare enn at han straks han hev spurt elevane sine um kva dei oppfattar som naturleg nynorsk og funne ut at dei tykkjer tradisjonell nynorsk er unaturleg, spring beinast til nynorsk kritikaren Aftenposten og ropar alarm. Men det er ikkje nokor bomba at det er slik, må vita. Dette hev me visst i alle år. Men Sirnes som læraren heiter er sterkt undren yver at det er slik. Vel, vel han um det.

Det som er kjensgjerningi er at folk flest ikkje hev noko utgangspunkt i ein nynorsk skriftkultur som det er verd å tala um.

I den grad denne hev funnest i nyare tid hev han dimeir teke utgangspunkt i at nynorsken skal blandast med bokmålsord. Og her kjem me til kjernen i saki: Det er ikkje nokon tradisjon i dette landet for at nynorsken skal lærast skikkeleg. Tradisjonen i mange høve er tvert um at nynorsken ikkje skal lærast. Det nynorske språket skal ikkje ha nokon serhått. Det skal reduserast til å vera ein reidskap til at folk skal få uttrykk for talemålet sitt og kjenna seg frigjorde. Nynorsken hev vorte oppfatta som ein protest mot hevdvunne normeringskodar og prinsipp, og ikkje minst mot ei talemålssnormering som krev at folk skal tala på ein fastsett måte - det sistnemnde er det verste mange målfolk veit. Det er dei som i fullt ålvor hev sagt at det gjer folk fysisk sjuke å leggja um talemålet sitt, andre hev gjort framlegg um å gjeva heimreisør på blåresept slik at dei ikkje misser kontakten med heimemålet sitt og vert rotlause.

Bokmålslevar som skal ha opplæring i nynorsk vert ikkje utstyrde med tekstbøker og gloselistor. Det næraste ein kjem er ei lista med ord ein helst skal halda seg burte frå, men ikkje noko forbod. Det vert venta at elevane som bur i bokmålskommunar og aldri hev lese ei bok eller ein teikneserie og snaudt sett ein film teksta på nynorsk, straks skal vera i stand til å formulera meiningsfulle og innhaldstunge setningar på nynorsk. Korleis det er mogleg er ei gåta for meg.

Det som vert resultatet er at elevane skriv vel so dårleg nynorsk som bokmål. Dei idest ikkje læra av mistaki sine, og språket lever eit kunstig liv som noko dei sjølve må konstruera kvar gong dei må skriva det.

Kva segjer so dei kloke og engasjerte hovudi i akademia? Jau, dei er upptekne av å laga mest mogleg valfridom og å understreka at elevane må byggja på eige talemål. Det hev vorte sagt at nynorsken er eit forsvar for talemålet til folk flest. Difor skal det ikkje lærast. Det finst forskarar som i fullt ålvor, med stor tyngd og lyft peikefingar, hamrar i oss at folk må få skriva som dei vil og at me ikkje må taka nynorsken frå folket og tvinga dei til å læra eit kunstig bokspråk. Noreg vert lyft fram som det landet der folk kann få tala nett som dei vil og skriva so nært upp til talemålet som råd er. Eit paradisi, i alle fall for språkforskarar, der ein kann studera korleis

dialektane utviklar seg på ein heilt naturleg og harmonisk måte. Når sermerke i nynorsken vert bytte ut med bokmålsformer, eller når det kjem upp heilt nye tildriv som ikkje styrkjer den tradisjonelle nynorsken, jublar språkforskarane. Det einaste som gjer dei litt urolege er engelskpåverknaden. Det hev truleg ein politisk motivasjon fordi USA er eit land dei ikkje vil at folk flest skal assoriera seg med.

Det er soleklårt at med dei leidarane som stend sterkast og ropar høgast i målrørsla i dag, so er nynorsken ått å verta ein endå sterkare kuriositet enn tidlegare. Det som trengst er politikarar og målfolk som verkeleg er viljuge til å satsa. Dei politikarane me hev i dag tykkjer det er for dyrt å halda uppe skipnaden med nynorskeksamen i tridjeklasse på vidaregåande. Det kostar visst nok 6 millionar. Ja, kva med lønsmidlane til norsklærarane? Snart fær me rekna ut kor mykje det kostar med nynorsktimane i norskundervisningi. So og so mange timar burte frå norskundervisningi vil spara oss for millionar av kronor.

Men det er kannhenda ikkje so rart. Det er ingen målfolk som med tyngd gjeng inn for å styrkja nynorskkluten i norskfaget med meir pugging og meir arbeid. Og her kjem eg til hovudpoenget: Lat oss få ei lærebok med klassiske nynorsktekster som hev gloselistor og som drillar elevane frå dag ein. Bokmålslevar må læra seg at substantivartiklane på nynorsk heiter ein, ei og eit. Dei må læra pronomenformene og heile resten oppbyggnaden av nynorsken. Dersom det er so greidt og naturleg med nynorsk, kvifor fær me ikkje slike lærebøker? Elevar les tysk, fransk, spansk, russisk og latin m.m på denne måten. Dersom nynorsken er so lett, skulde dei koma snøgt gjennom slike bøker og upp på eit meir avansert nivå. For det kann ikkje vera læreevna det er noko i vegen med når folk faktisk lærer seg framandspråk, men snaudast nynorsk. Nei, lat oss få dei fyrste tekstsamlingane med gloselistor snarast råd, gjerne på høgorsk. Det vil ikkje berre vera ei hjelp for bokmålslevarane, men for nynorskelevane i fyrste lærefasen og for utlendingar som endeleg kann få læra seg skikkeleg nynorsk. No er det tid for at målfolk byrjar å løysa oppgåvor. Heller enn å gjera oppgåvone heilt umoglege å løysa.

## Kva meiner målungdomen um Israel?

Eit brevskifte med NMU

Av Kenneth Kiplesund

I januar i fjor oppdaga eg at Norsk Målungdom stod oppførde som medlemmer på netsidone åt aksjonen "Boikott Israel". På den tidi var eg medlem hjå NMU. Dette vart det då straks slutt på, sidan eg ikkje er for nokon boikott av israelske varor. Eg skynar heller ikkje kva kamp for nynorsk hev å gjera med ein slik boikott. Eg skreiv ein e-post til NMU, og sa at eg melde meg ut for skuld synet NMU hadde på Midtausten-konflikten.

I november same året tinga eg ei bok frå NMU. Boki kom i posten, vedlagd ein lapp der det stod: *"Denne boka skal du få gratis, om du vil melda deg inn i NMU att. Helsing Ola H. Havrevoll"* (Havrevoll er skrivar i NMU). Dette vart starten på eit brevskifte millom under-skrivne og Havrevoll. Etter mi meining hev dette brevskiftet fenge fram mange avslørande drag ved NMU. I denne artikkelen vil eg difor gjeva eit saman-drag av dette brevskiftet.

### Fyrste svaret frå NMU

Som svar på lappen frå Havrevoll, skreiv eg eit brev og sa at eg skulde vurderer å melda meg inn att, men for at eg skulde gjera dette stelde eg sume krav til NMU. Eg kravde å få dokumentasjon på at dei var utmelde frå boikottaksjonen og at fråsegnen som låg til grunn for innmeldingi, "Norsk Målungdom stør ein palestinsk stat", var dregi attende. I svarbrevet sitt skreiv Havrevoll at NMU hadde meldt seg inn i "Boikott Israel" i 2002, og saki hadde seinast vore uppe til ordskifte i februar 2006, etter utspel frå landsstyremedlemmer som meinte NMU ikkje skulde stydja aksjonen.

*"[D]et vart likevel brei semje om at NMU ikkje trengte å gjera noko med saka, sidan ho ikkje lenger er aktuell. "Boikott Israel" hadde nemleg ei anna plattform i 2002 enn dei har no, og det var den gamle me stødde. NMU har aldri trekt attende fråsegnen, men medlemsskapet gjeld ikkje lenger, av di me ikkje stør den nye plattformen deira",* skreiv Havrevoll vidare. Havrevoll argumenterte soleides reint byråkratisk med at NMU formelt sèt ikkje lenger var med i "Boikott Israel", men slo samstundes fast at dei vedtaka dei tidlegare hadde kome med um saki vart ståande.



*...og boikott Israel?*

### Andre svaret frå NMU

Eg skreiv eit nytt brev, der eg sa at det var tydeleg at NMU ikkje hadde endra synet sitt på konflikten i Midtausten. Fråsegnen um palestinsk stat var då framleides gjeldande. Eg spurde difor konkret um NMU framleides studde det palestinske folket, slik dei formulerte det i fråsegnen si frå 2002. Meinte NMU framleides at palestinarane hadde rett til eigen stat innanfor grensene frå 1967? Eg drog dessutan fram ymse andre fråsegner som eg var sterkt usamd i: "Ikkje ein ny krig!" (2003) og "Kulturstrid i Blitz-kvartalet" (2000). Eg skreiv at alle desse dømi smaka av at NMU er ein sterkt vinstreorientert samskipnad: *"De arbeider ikkje berre for nynorsk, men tek standpunkt i ein heil del andre saker og. Som oftast inntek NMU vinstreorienterte standpunkt i desse sakene. Det er tydelegvis um å gjera for NMU å vera mest mogleg politisk korrekt. Eg tykkjer det er problematisk at NMU er so vinstrevridd, og eg trur heller ikkje dette gagnar nynorsken."*

Til dette svaret Havrevoll i eit nytt brev at *"NMU har so vidt eg veit ikkje trekt attende nokre av desse fråsegnene og programma du nemnde, og det vil seia at me framleis stør det palestinske folket sin rett til sjølvstende, på same måten som me kjempar for vårt eige kulturelle sjølvstende i Noreg. Dette er i tråd med tufta vår, under punkt 3.5 Sjølvråderett."* Ein ser altså her at Havrevoll meiner at NMU sitt pro-palestinske engasjement er direkte forankra i sjølve tufta, prinsippprogrammet åt NMU! Havrevoll sa ogso at dersom eg ikkje var nøgd med NMU, burde eg melda meg inn att for å freista å endra organisasjonen. Han hevja fram at NMU

var ein demokratisk organisasjon, og at politikken deira vart avgjort på landsmøtet. Eg vart faktisk invitert til NMU sitt landsmøte i Trondheim: *"Du er sjølv sagt hjarteleg velkomen til å melda deg inn i NMU og koma på landsmøtet vårt i Trondheim 16.-18. mars 2007 og seia nett kva du meiner om politikken vår"*. Eg fekk òg melding um at dersom eg ikkje vilde verta medlem att, laut eg svara 25 kroner for boki eg hadde tinga.

Eg svara på dette brevet med. Her refererte eg til tufti åt NMU: *"Til grunn for målreisinga ligg ein breiare strid for norskdom, nasjonal sjølvråderett og folkeleg daning. Norsk Målungdom vil organisera ungdom til å føra denne striden."* Eg skreiv at det var tydeleg at det ikkje var striden for nynorsk som var det sentrale for NMU, men ein større og breidare strid som er sopass lausleg formulert at han til kvar tid høver med det NMU tykkjer er politisk opportunt og korrekt, som til dømes støtte til Blitz, islam, Palestinarabarane og aktiv motstand mot USAs krig mot terrorisme i Afghanistan og Irak. Som Havrevoll sjølv formulerte det i andre svarbrevet sitt: *"Men det er ikkje, og har aldri vore, semje i NMU om kor langt politikken vår skal strekkja seg"*. Nei, og det er millom anna dette eg reagerar på.

Eg skreiv at eg upplivde det å melda seg inn ein samskipnad for å freista å endra fyremålet til samskipnaden, vilde vera illojalt. Eit minimumskrav for å melda seg inn i ein organisasjon må vera at ein er samd i fyremålet til samskipnaden. Eg forklarte at dersom studnad til palestinarar, blitzarar m.m. var forankra i tufti åt NMU, hadde NMU eit fyremål eg ikkje kunne stå inne for. Difor var det best både for NMU og meg sjølv, at eg ikkje var med i samskipnaden. Dersom NMU tykte at dette var leidt, burde dei umdefinera fyremålsparagrafen slik at han høvde for målgruppa åt NMU. Eg gav òg melding um at 25 kroner vart set inn på NMU sin konto same dagen. Til dags dato hev ikkje Havrevoll svara på dette brevet.

### Konklusjon

Me ser i grunnen eit klart mynster i dette:

Fyrst gjev eg melding til NMU um at eg melder meg ut av di eg er usamd



i Israel-boikotten

Då eg tek kontakt med NMU att for å tinga ei bok, freistar dei å kjøpa meg inn att for skarve 25 kroner (!).

Då eg gjer klart at eg framleis stend for det eg meinte då eg melde meg ut, freistar Havrevoll å lura meg til å tru at fråsegnene ikkje gjeld lenger.

Då han ikkje kjem nokon veg

med desse burtforklaringane, segjer han at eg må melda meg inn att i NMU for å endra NMU.

Då eg syner til alle problemene eg hev med framlegget som Havrevoll kjem med, og problemene eg hev med NMU som organisasjon, svarer han ikkje i det heile.

Etter mi meining ser det ut til at det viktige for NMU ikkje er å fremja

nynorsk, men å vera ein fråsegnfabrikk for vinstre radikal politikk/ det som til ei kvar tid er politisk korrekt. Det er viktig for dei å ha mange medlemmer med, som meir eller mindre medvite styd denne praksisen. Desse medlemmene gjer NMU kva som helst for å få, dei søkk jamvel so lågt som til å byda deim gratis bøker.

## Bakgrunn:

### NMU ved årtusenskiftet - ein vinstreviden fråsegnsklubb?

#### Boikott av Israel

På Norsk Målungdom sitt landsstyremøte 3.-5. mai 2002 vedtok Norsk Målungdom å slutta seg til netverket Boikott Israel. Dokumentasjonen på dette er millom anna å finna på netstaden <http://www.boikottisrael.no>. Ein umarbeidd versjon av målungdomen sitt tilslutningsgrunnlag til boikottkampanjen vart seinare vedteke på Noregs Mållag sitt landsmøte det same året (fråsegni vart kommentert i Målmannen nr 1 2002). Her er den skarpaste propalestinske nasjonalismen vorten utskift med generelle formuleringar um språkleg og kulturelt mangfelde, men elles er innhaldet det same.

#### Norsk Målungdom stør ein palestinsk stat

*Norsk Målungdom meiner at alle nasjonar har rett til å rå seg sjølve. Me ser den norske målreisinga i samanheng med den striden andre folk fører for nasjonal og språkleg frigjering. Difor kan me stø nasjonar og folk sin strid for språkleg, kulturell og nasjonal sjølvråderett. Dette slår tufta til Norsk Målungdom fast.*

*I dag vert palestinarane mellom anna nekta retten til utdanning, noko som hindrar palestinarane i å styrkja sitt eige språk og sin eigen kultur. Norsk Målungdom er uroleg for denne undergravinga av palestinsk sjølvråderett.*

*Norsk Målungdom stør fråsegnene frå dei Sameinte Nasjonane om Israel og Palestina som mellom anna gjev palestinarane rett til eigen stat innanfor grensene frå 1967.*

*Norsk Målungdom vil vera med og stø det palestinske folket og sluttar seg difor til aksjonen "boikott Israel".*

Vedteke på landsstyremøtet i NMU 3.-5. mai 2002.

#### Studnad til Blitz-miljøet

Dette med å stå i ein tradisjon var visst viktugt for dei leidande i NMU på denne tidi. Dei som er i tvil um det kann lesa NMU-tufti frå år 2000 der ordet "tradisjon" vert nytta heile sju gonger - både i eintal og fleirtal, og i kombinasjonar som "norskdomsstradisjon", "daningstradisjon" og "bunadstradisjon". I tilfellet Palestina handlar det um at ein stod "i samanheng med den striden andre folk fører for nasjonal og språkleg frigjering". I tilfellet Blitz handla det um "ein lang tradisjon med sjølvstyrt ungdomsorganisering" der det var "[det] same om det er målungdomar eller pønkarar som gjer det". På NMU sitt summarlæger i år 2000 vart titelen "Motkultur - Blitz, Goth eller norskdome?" vald som hovudtema for heile lægret. Skulde me tru NMU, var det ingen motsetnad millom det å vera blitzar og det å vera nasjonalist. Tvert imot, det handla um motkultur.

#### Kulturstrid i Blitz-kvartalet

*I Klassekampen 2. februar går det fram at Bygdelaagssamskipnaden (BLS) i Oslo har teke initiativ til eit opprop mot det sjølvstyrte ungdomshuset og aktivistsenteret Blitz. Norsk Målungdom (NMU) tykkjer det er trist at eit fylkeslag i Noregs Ungdomslag syner slik motvilje mot dette miljøet.*

*Noregs Ungdomslag står i ein lang tradisjon med sjølvstyrt ungdomsorganisering. NMU meiner dette framleis er viktige ideal, same om det er målungdomar eller pønkarar som gjer det. Samstundes er me skuffa over mangelen på kulturelt vidsyn hjå Blitz-talsmannen Stein Lillevollen. Både folkeviseselek og pønkmusikk er og bør vera ein del av oslokulturen.*

*BLS: trekk attende klaga på Blitz! Stein Lillevolden: prøv noko nytt, prøv folkedans!*

Vedteke på landsstyremøtet i NMU 4.-6. februar 2000.

#### Mot USAs antiterrorkrig

Då USA slo attende mot Al-Qaida etter 11. september-åtaki, var det ikkje med NMU i ryggen. Tvert um vart den amerikanske motstøyten i Afghanistan karakterisert som "folkerettstridig" og det vart i det høvet hævda at åtterdi til USA var eit trugsmål mot fridomen og tryggleiken åt alle folk på jordi. Ein krig mot terrorisme kann ikkje først med vide fullmakter til å slå til kvar som helst, heiter det vidare i fråsegni. Sant nok. Men um krigen mot terrorisme ikkje skal først der terroristane vert trente og utstyrde med våpen, som hjå Osama Bin Laden i Afghanistan, kvar hen skal han først då?

#### Nei til norsk krigføring i Afghanistan!

*Norsk Målungdom tek fråstand frå den aggressive militærpolitikken Noreg fører. Me meiner oppgåva til det norske forsvaret er å forsvara norsk territorium.*

*Dei siste vekene har det vore slege stort opp at norske elitesoldatar er med i "Operasjon Anaconda" i Afghanistan, der dei slæst under amerikansk kommando mot restane av Taliban og Al-Qaida. [...]*

*Krigen i Afghanistan vart sett i gang i strid med folkeretten. Åtterdi til USA, der dei har gjeve seg heimel til å slå til militært kvar som helst på kloten der dei ser interessene sine truga, er eit krasst åtak på fridomen og tryggleiken til folk på jorda. Ein krig mot terrorisme kann ikkje først med vide fullmakter til å slå til kvar som helst.*

*Landsmøtet i Norsk Målungdom stiller seg sterkt kritiske til at norske styrkar deltek i militære åtaksoperasjonar. Me krev eit offentleg ordskifte om krigføringa i Afghanistan!*

Vedteke på landsmøtet i NMU 15.-17. mars 2002.

## Sadistisk feminisme

Av Lars Bjarne Marøy

*Helene Uri*  
*De beste blant oss*  
*Gyldendal, Oslo 2006*  
*438 sider*

Helene Uri er ein forfattar som eg hev vore kjend med i nokre år. Eg las "Honingtunger", men tenkte ikkje stort meir på forfattaren anna enn at eg noterte meg at ho var mykje i media i samband med språkleg rettleiding og bokutgjevingar og dilikt. Sumaren 2006 var det derimot heilt uråd å ikkje byrja å interessera seg for Helene Uri. Den siste boki hennar "De beste blant oss" fekk sers stor merksemd og dei beste tenkjelege plasseringane i bokhandlarane. Dessutan hadde ho skrive um kringværet til språkforskarane på Universitetet i Oslo. Alle som veit litt um forskarar og i serleg grad språkforskarar i Noreg, veit at dette eit fargerikt kringvære med sers mange interessante karakterar og ikkje minst mange som hev dei meste absurde meiningar um språk og um kva språklege emne det er råd å forska på. Ein kunde få tokken av at Uri vilde taka ei oppgjerd med nokre av dei mest opplagde og openberre rarietane millom språkforskarane. Det var difor med glede og store ventnader at eg sette meg til med boki.

Kva handlar so boki um? På yta er dette ei bok som handlar um tilhøvet millom tri universitetstilsette personar. Den eine av deim driv med forskingsjuks. Dei tvo hine gjer det ikkje. Det handlar dessutan um tvo unge menneske og deira fyrste jobb eller um ein mann sitt unge liv. Det er greidare å segja kva boki handlar um enn å koma fram til kva som er det djupaste innhaldet eller temaet. Boki er sers mangesidug og kann tolkast på ei rad måtar. Det er truleg det som hev gjort henne so umtykt at ho jamvel no hev kome som månadens bok. For her er det kjærleik, pikante avdekkjingar, framvising av indre sladder millom dei tilsette ved ein arbeidsplass og mykje meir. Boki kann òg lesast som kritikk av universitetsreformi eller som ein kritikk av merkverdige forskningsemne og politisk styring yver forskingi. Bodskapen til forfattaren er ikkje like opplagd, men ein heilt igjennom rimeleg lese måte må vel vera at ho vil kritisera at folk som er flinke og held på tradisjonelle arbeidsmetodar vert baktala, medan universitetet vert styrt av mange middelmåtige men-



*Helene Uri, fotografert av  
Nina Kammersten.*

neske. Slik bør det ikkje vera.

Komposisjonen er knytt til at forteljaren hev ei fullstendig allvitande orientering. Me fær vita meir enn personane og fullt innsyn i tankane deira so langt det er tenleg for oppbyggjngi og det endelege komplottet. Utgangspunktet for forskingsmiljøet i boki er eit tenkt institutt på Universitetet i Oslo - Instituttet for futuristisk lingvistik, nedstytt til futling. I ordet futling ligg det mange assosiasjonar som visseleg er medvitne, men det er vanleg nedstytingspraksis på andre institutt og fakultet, so me skal ikkje gå nærare inn på det, men namnet er sers godt.

Handlingi kann stutt skildrast slik: Pål Bentzen som nyleg er tilsett som forskar i millombils stilling ved futling møter Nanna Klev som vert tilsett ved futling nett etterpå. Nanna segjer at ho hev arbeidt med eit banebrjotande lingvistisk prosjekt som vil revolusjonera språkteknologien. Men ho vantar nokre faktorar som ho trur at han med sin fagbakgrunn kann tilføra prosjektet. Ho vil at heile prosjektet skal haldast løynleg. Bentzen løyser den vantande faktoren. Men stutt tid etter finn han datautskrifter frå prosjektet hjå Edit Rinkel som er hans næraste yverordna. Han ottast at Rinkel hev stole prosjektet deira. Han finn dinest heile prosjektet på Rinkels kontor. Nanna Klev varslar leidingi, og Rinkel vert

tvinga til å slutta ved universitetet i Oslo. Nanna Klev og Pål Bentzen held fram med å arbeida med prosjektet, og dei hev no vorte kjærastar. Den dagen då prosjektet deira vert presentert, skynar Bentzen at han hev vorte lurt. Klev nemner ikkje Bentzens innsats og gjennom framføringi vert det soleklært for Bentzen at det er Rinkel som hev arbeidt med det store prosjektet. Klev hev stole forskingsarbeidet og jamvel fenge han sjølv til å arbeida med prosjektet. Det er i realiteten Bentzen og Rinkel som hev arbeidt for Klev, medan det er Klev som tek heile æra.

Pål Bentzen er hovudpersonen i boki, endå me bolkesvis skifter yver til Eidith Rinkel og endåtil Nanna Klev i stutte innslag. Bentzen vart til då mori møte ein skilaupar med raudt hår i Nordmarki utanfor Oslo. Dei hadde samlægje og skilauparen før burt frå mori som låg att. Bentzen veks upp saman med mori. Mori og Pål hev ein løyndom. Mori er ein kjend forfattar av kioskromanar, men ho skriv under løyndenamn, so det er berre nokre heilt fæe personar som veit um at ho i røyndi er vidspurd for bøkene sine. Bentzen hev faste rituelle møte med mor si. Han kjem til henne med tri kokosbollar kvar tridje måndag. Han verkar som ein tollegt statisk person. Det formelle arbeidet han utfører ved universitetet er òg noko einslaga. Han studerar verbmyster som vert plasserte inn i gjevne myster i dataprogram. Men arbeidet som hev ført honom fram til stillingi på futling er det meir spenst yver. Han er språkmektig og kann mykje matematikk. Det verkar på sett og vis som at Bentzen hev vorte forma av samfundet kring honom til å ganga inn i eit keidsamt arbeid. Det er prosjektet han arbeider med saman med Nanna Klev som gjev oss tru på at han ikkje berre er endå ein keidsam filolog. Det er definitivt Bentzen som er den sympatiske i boki. Han vert sjeldan negativt framsteld, og det er likt til at han er godt lika av alle. Me fær både innsyn i tankane hans og vert fortalde um honom gjennom forteljaren. Forteljaren verkar bolkevis nærast som ei mor eller ei syster som hev sett seg godt inn i livet hans. Han er elles litt av ein jentefut og skifter kjærastar jamt og samt. Det verkar nærast som at han tenkjer med underlivet og ikkje med noko anna når det kjem til kjærleikslivet. Det må vera det ein kann lesa ut or boki

som serleg usympatisk ved Bentzen.

Nanna Klev er ein underleg person. Ho vert jamnt berre skildra utanfrå. Me fær vita lite um kva motiv ho hev eller korleis ho hev kome til at ho vil setja i gong dei intrigane ho gjer. Gjennom dei ytre skildringane skynar me med kvart at det er noko som ikkje gjeng upp. Det vantar eit engasjement frå henne på ei rad umkverve. Ho segjer at ho hev ein kjærast heime hjå seg, men hev etter kvart lite av hemningar mot å elska uhemja med Bentzen. Ho er godt lika av alle menner ho kjem i kontakt med og hev ein tendens til å få det som ho vil. Ho er sers uppteki av å halda forskingsprosjektet løynlegt, og ho let andre taka mykje av arbeidet for seg, medan ho sjølv kann sitja og draga i trådane. Både Rinkel og Bentzen vert framstelde som folk med mange gode serhåttar. Dei er smålåtne på eigne vegner og upptekne av å arbeida med fagi sine. Men Nanna vert so lite eksponert at det er til å undrast yver. Forfattaren verkar gniten med sjølv dei minste detaljane. So gniten at lesaren skynar at her ligg det noko under. På same tidi som forteljaren freistar å roa oss ned gjennom å skildra Pål sitt perspektiv som er merkt av at han er hugteken i Klev og at han tykkjer sambandet millom dei tvo berre vert styrkt gjennom at han fær nærkontakt med henne.

Edith Rinkel hev ei leidande stilling ved futling. Ho hev forska og drive med lingvistisk arbeid i mange år. Ho vert framsteld som ein person som likar å vera for seg sjølv utan nære og forpliktande tilhøve til andre menneske. Ho hev ei underleg interessa for insekt som fører henne inn i eit lag for entusiastar. Elles likar ho å lesa alle slags bøker. Hennar myrke sida som definitivt kann sjåast på som eit usympatisk drag er dragnaden mot yngre mannfolk. Ho er sjølv 50 år, men likar å ha kjærastar som er kring 20 eller 25 år. Det vert bruka mot henne og er utan tvil noko som gjer at truverdet hennar vert veikt i samband med skuldingi um forskingsjuks. Det er mykje usympatisk å segja um henne. Det kann oppsummerast med at ho ikkje er god til å handtera andre menneske, men ho er ryddig og fagleg sèt er ho uvanleg dugande.

Miljøet på Blindern er på det jamne slik ein kjenner det når ein ser burt frå at ein politikar med stor innverknad hev fenge visjonen um å byggja futling. Futling er eit interessant institutt som forfattaren skildrar inngående. Me ser det

heile fyre oss som ein lingvistisk visjon, spekka med nye verkemiddel og i eit flunkande nytt hus. Her verkar det ikkje som at det er spara på noko som helst, reint burtsett frå at det er relativt lett å lesa millom linone og koma til at forfattaren tykkjer dette med framtid-slingvistikk i røyndi ikkje er noko gjævt, at det snarare vert til noko politisk svada som ikkje held mål. I sekvensen nedanfor vert arbeidet til Pål Bentzen skildra slik:

*"Pål jobber på Avdeling for futuristisk morfologi, deskriptiv seksjon. Påls felt er altså fremtidsmorfologi, han arbeider med å forsøke å forutse hvordan bøyningens mønstre kommer til å være om ti år; om tyve år; om sytti år; om hundre år. Pål og hans nærmeste kolleger arbeider særlig med diffusjonskartlegging og tidsanalyse, slik at de kan forutse hvordan ulike bøyninger vil spre seg. Når vil objektsformen deg være utdødd på Sørlandet? Vil det spre seg til Skien?" (sida 99)*

Er det nokon som kjenner seg att frå den tidi då Sigfrid Tvittekkja jamførde språkforskarane med dei kjendisfotografane som stødt skulde vera tettast råd på det som skjedde? Kven kann ha nytte av å vita korleis språket utviklar seg tiår for tiår? Og kvifor ikkje leggja vinn på å læra folk språk heller enn å konstatere kva endringar som skjer? Dei motspursmåli ligg der like tydelege som når språkforskarane skal studera talemål-sutviklingi her og no.

Eg vel å lesa Uri som ein sarkastisk kritikar av talemålsnærgranskingi. Den tydelegaste sarkasmen kjem likevel under ei onnor skildring av arbeidet ved institutt for futuristisk lingvistikk. Høyr berre her:

*"Et annet sentralt mandat for Institutt for futuristisk lingvistikk er å arbeide for å bevare norsk som bruksspråk i Norge. Hun som er ansvarlig for prosjektet" Maintenance of Norwegian as det Future Language of Norway, har spurt om det ikke hadde vært mulig å publisere deler av arbeidet på norsk, men det måtte instituttledelsen avvise, for med norsk som publiseringsspråk kan resultatene bare publiseres i norske, til nød skandinaviske tidsskrifter, det gir ikke nok credits, som igjen er grunnlaget for kommende års bevilgninger til Futling." (sida 98)* Stort meir knusande kann ikkje ein kritikar uttala seg.

Det er i dette marknadsstyrde universitetsmiljøet Bentzen og dei hine

hovud- og sidepersonane arbeider. Kravet til publisering og til å innfri dei politiske måli som vert presenterte er ikkje småe og forskingi vert skadelidande. Forskarane reiser på konferansar og held dei same innleggi for kvarandre og set seg ned i etterkant og brukar timevis på å fylla ut rapportar og utgreidingar um det som skjedde. Papirhaugane yver meingslaus aktivitet veks og veks, medan tidi til forskning vert burte.

Det er noko typisk kvinnelegt som vert framstelt av Helene Uri. Det er truleg berre ei kvinna som kann greida å få det so godt fram som her. I honningtungor var det òg løyndom og råskap som var stikkordi. Nanna Klev er ikkje macho-mannen som slæst seg fram til det han vil med rå makt eller som vert utsett for andre slike råskinn. Nei, Nanna Klev er den utspekulerte kvinna som gradvis skaffar seg meir og meir informasjon. Ho er positiv på yta, truskuldig, fin og velstelt. Ho hindrar andre frå å få brysam innsyn i livet hennar, men skaffar seg alt mogleg innsyn i livet til dei ho hev å gjera med. Ho greider med kvinneleg sjarm og yvertydingsevna å få leidingi til å gå med på at ho hev fenge til eit gigantisk forskingsprosjekt, medan kollegaen som er 15-20 år eldre hev juksa. Det er noko genialt eller vondkyndt eller kannhenda baa delar yver heile meinspelet hennar.

Det gjeng so langt at ho gong etter gong freistar å få Bentzen til å vilja ynskja å vera med på prosjektet hennar, medan han til slutt berre vil verta umtalt for sitt tilskot. Under den endelege presentasjonen er jamvel denne tilskotsrolla unemnd. Ho hev viska honom burt, og Bentzen leivnar presentasjonssalen nokso snøgt etter den innleidande bolken. Helene Uri er ein slags sadisistisk feminist, med serleg gleda i å skildra kvinnors evna til å syna råskap mot kvarandre. Ei forvitneleg scena som syner fiendskapen millom tvo kvinnor, er når Rinkel og Klev er på ein fest saman etter at Rinkel hev vorte tilsidesett av lygnene frå Klev. Klev mister eit tunt sjal på golvet. Bentzen vil taka det opp att, men Rinkel set hælen på skoen sin fast på sjalet slik at det rivnar. Det er kvinnleg råskap eller sadistisk feminisme.

Sank ein tingar til  
**Målmannen!**

## Chuck Norris - kampidrottsformidlaren

Av Lars Bjarne Marøy

Kven er eigenleg Chuck Norris? Dette spursmålet stelte eg meg etter at eg hadde lese biografien hans for stutt tid sidan. Eg spurde meg kva det var eg eigenleg visste um Chuck Norris. Svaret var i røyndi sers lite, men namnet hadde likevel brunne seg fast i meg. Dette spursmålet er det verdtt å byrja med når ein skal skyna noko av kven denne mannen er.

Eg voks opp på 1970- og 1980-talet. Det var på den tidi då folk skaffa seg videoar og videoutleigebutikkane spratt opp både her og der. Marknaden for filmar vart større etter di ein fyrst kunde senda filmene på kinoane og dinest senda ut ein video. Det er det eine som skal til for å forklåra noko av fenomenet Chuck Norris. Det neste er karatesporten. Karate var ein idrott som dei fleste hadde vyrdnad for, og karateklubbar og andre kampsportklubbar var ei relativt ny ovring i Noreg på 1970-talet. Denne kombinasjonen kann forklåra noko av umdømet til Chuck Norris. Norris-filmene gjekk vel aldri noko serleg godt på kino, men på seine gutekveldar gjekk dei inn i ein 1980-talskultus til liks med motorsagmassakren, haisumar og ikkje minst Bruce Lee-filmene og noko seinare Rambo og Rocky-filmene. Soleis hadde namnet brunne seg fast i meg, då eg byrja å gå mannen nærare i saumane. Det interessante då er: lever mannen attum det heile upp til ventnadene um å vera eit godt fyredøme eller var han berre ein 1980-talsflopp som i røyndi ikkje fortener noko større merksemd i dag?

Det fyrste ein må segja er vel at Norris neppe er noko fyrebilete for dei politisk korrekte. Dei vil gjerne stempla honom som ein Texas-cowboy med b-

film- og b-kjendisstatus. Texas-mann er det mest ukorrekte ein kann vera, so etablerte forståsegpåarar kjem aldri til å vilja taka i Chuck Norris. Dertil kjem det at Chuck Norris er ein svoren konservativ som ikkje nøler med å segja si hjartans meining. Det vert ikkje betre av at han var og er ein solid støttespelar for Georg W. Bush, hatobjekt nummer ein for vinstresida i Europa. Og han er ikkje minst ein open og uredt kristen.

Dersom ein ser heilt nykternt på det: kva er kjensgjerningane attum Chuck Norris? Kva hev han prestert for å verta kjendis? Han vart tidleg ein ihuga tilhengjar av kampidrott. Det var då han tenestegjorde i den amerikanske heren på slutten av 1950-talet. På 1960-talet vart han eigar av fleire kampidrottsskular, der han underviste, samstundes som han sjølv var med i ei rad store tevlingar. Til slutt utmerka han seg slik at han vart verdsmeister seks år på rad. Det er ikkje nokor liti bragd i ein idrott som krev meir trening og uthald enn mange andre.

Norris vart tidleg kjend med den sogeumspunne Bruce Lee. På slutten av 1960-talet arbeidde Lee seg upp til å verta ein eineståande filmprodusent av kampidrottsfilm. Lee trente beinhardt og arbeidde med film attåt. Scena der Bruce Lee og Chuck Norris slæst i filmen "Return of the dragon" hev vorte klas-sisk. Dei var baa sers opphengde i tren-ing, og den fyrste gongen dei møttet hadde Norris vore på karatetevling og havt kampar i 11 timar, likevel heldt han fram å freista ulike kamptechnikkar til klokka var fire um natti etterpå, saman med Bruce Lee.

Norris var med i "Return of the

dragon" fyre han sjølv såg seg syn med å starta på ein filmkarriere. 20 år seinare, i 1992, hadde Norris yver 20 filmar attum seg. Då vart han spurd um å setja i gong ein fjernsynsserie, Walker Texas Ranger. Norris hadde liti tru på prosjektet i starten, men det synte seg å verta eit lukketreff at han sa ja. Serien hev kome ut i åtte sesongar og vart fyrst avslutta i 2001, då Norris vilde prioritera privatlivet. Walker Texas Ranger tek utgangspunkt i ein elitestyrkje av politi-folk innanfor Texas. Desse elitepolitifolki er topprente og hev jurisdiksjon yver alle andre politifolk, jamvel politisjefar. Når politiet stend makteslause, tilkallar dei rangerane.

Karakteren Walker er son av eit blanda ektepar. Faren var fullblods indianar og mori kvit. Faren og mori vart drepne av rasistiske mordarar. Walker veks upp hjå ein av indianarane i stamma åt faren. Walker freistar i periodar å vera lojal mot indianarane i reservatet, men han er lite merkt av dette kringværet i det daglege, og denne tilknyttingi vert veikare framgjenom serien.

Det som derimot ikkje vert veikare gjenom serien er den evna Walker hev til å taka harde og nådelause oppgjerder med skurkar. Serleg kjend er Chuck Norris for dei roterande hælsparki sine. Dei avsluttar dei fleste diskusjonar. Gong etter gong arresterar han kjeltringar som andre ikkje greider å få has på. I periodar driv han den eine statsadvokaten, som seinare vert kona hans, nærast til vanvit med alle arrestasjonane. For med kvar arrestasjon fylgjer det papi-rarbeid og di fleire det vert, di meir papi-rarbeid.



**NYNORSK**  
**ANTIKVARIAT**  
www.nynorskantikvariat.no



**Nynorsk Antikvariat AS**

Hulgata 11

4900 Tvedestrand

**Telefon** 37 16 66 66

**E-post:** tinging@nynorskantikvariat.no

**Antikvariatsbokhandlar**

**Arne-Ivar Kjerland**

**E-post:** Arne-Ivar.Kjerland@

nynorskantikvariat.no

**Mobil:** 928 29 098



Den mest trufaste stydjespelaren til Walker er James Triviette, partnaren hans. Triviette hev vore ein framifrå god amerikansk fotballspelar, fyre han lagde upp. Han er god til å samla informasjon og ein sterk og sers snøgg mann, men han hev derimot ikkje nokon tame i karate.

Kringværet i serien er farga av Dallas/Texas og både maten, kulturen og musikken i Texas kjem til sin rett. Serleg fascinerande er det til dømes når Triviette som ikkje er frå Texas skal vera med og eta chilli-suppa. Dei som hev smaka chilli kann få nokre tankar um korleis ei slik suppa kann smaka.

Men denne stafasjen segjer ikkje noko um temai som serien tek upp, og det er det viktugaste. Chuck Norris er ein sers engasjert mann når det gjeld kampsport, og når det gjeld å halda ungdom utanfor vanskar som vert skapte av til dømes narkotika. Han meiner at ungdom kan få sunde ideal gjennom å driva idrott og gjennom å få orden på livet sitt. Difor hev han gjort mykje med å byggja upp kampsportsskular. Han fekk jamvel gjennomslag for å få kampsport inn i dei vanlege skulane. Gjennom prosjektet "Spark narkotikaen ut or Amerika" hev han nådd tusundtals ungdomar.

Moralen i Texas Ranger er å halda uppe familieverdier og å skapa eit lovlydig samfund. For dei som hev sèt nokre episodar av serien er det vandt å skyna korleis nokre fjernsynsvertar i prateprogram på amerikanske fjernsynsstasjonar kann framstella Walker Texas Ranger som ein valdeleg serie. Som Chuck Norris segjer: Det er berre bruka vald når det ikkje finst andre alternativ. Eller som det heiter i ein annan klassisk film frå 1980-talet: Karate er berre til verjemål.

Gjennom Walker Texas Ranger fekk Norris mange gonger tematisert korleis narkotikaen trengjer seg inn og øydelegg ungdomsmiljøet medan idrotten kann vera ein veg vidare. Han syner vanskar med å brjota ut frå eit kriminelt kringvære og korleis ein må lata einskildmenneski sjølve få vali millom kriminalitet eller å skapa seg eit lovlydig tilvære. Walker hjelper ikkje berre ungdomar, men jamvel vaksne med å koma burt frå den kriminelle laupebanen. Ein gong forsvarar han ein tidlegare kriminell som vert truga til å gjera lovbrøt for tilsynsverjen sin.

Dei som hev vore med på programmet "Spark narkotikaen ut or

Amerika" hev i mange tilfelle lukkast sers godt og kome attende til Norris-skulane som kampsportsinstruktørar. Og det er som kampsportsinstruktør Norris hev markert seg mest sjølv òg. Han hev ein imponerende karriere. Han hev vore instruktør i det amerikanske herstell, for sers framgangsrike utøvarar og for kjendisar som hev ynskt å læra seg forsvarsteknikkar anten til bruk på film eller til sjølvforsvar. Dei økonomiske utbjudingane hev sume tider vore større enn utbjudingane med kamptreningi, men Norris hev jamnast vore viljug til å gjera store innsatsar for å lukkast og hev greidt seg. Norris er i dag 67 år, men det er lite som skulde tyda på at han er so gamal. Han lever sers sundt, trener mykje og er småbarnsfar. For alt eg veit kann han koma til å finna på mykje som er verd merksemd i åri som kjem. Det er sant å segja vanskeleg å sleppa Norris heilt or minnet. Han er definitivt ingen 1980-talsflopp. Han hev vore altfor arbeidt alt for hardt på 1990-talet. Ingen lagar ein fjernsynsserie yver åtte år utan at dei hev noko å fara med. Engasjementet for at andre menneske skal leva meningsfulle og vellykka liv er òg noko som skil Norris frå mange andre kjendisar.

## Ryjarbit og andre gamle stadnamn i Oslo

Av Thoralf Bergwitz

"Aslo" er - attåt "Oslo" det gamalnorske namnet på kaupstaden som vart hovudstad i Noreg frå år 1299.

Sume granskarar hev trudd at Aslo var ei vestlandsform av Oslo. Dette fann stadnamngranskaren Eivind Vågslid ut alt i 1938 at ikkje kunde vera tilfelle. Han leita seg fram i Diplomatarium Norvegicum, og fann ei mengd brev og lovtekstir frå tidbolken 1289 til 1540 - utsende frå austlandsumrådet og på austlandsmålføre - som klårt syner at Aslo er meir ei austlandsform enn ei vestlandsform. Vågslid meinte dessutan at Aslo opphavelg hev vori eigeform av Oslo og då serleg i formi Asloar.

Det hev òg vori hevda at fyrstelekkjen i namnet "As" - og jamvel "Os" skulde hava opphav i "Ás" - som av sume er tolka som "gud", av andre som høgde eller høgdedrag, mao. ás i lendet. Båe tolkingar avviser Vågslid.

Vågslid avviser tolkingen gudenamn - med grunningjeving m.a. i at det finst ikkje påvist vitskapeleg eit einaste stadnamn i heile norden som hev sitt opphav i mytologien - noko han hev fengje med-

hald av av m.a. den danske riksantikvaren - Olaf Olsen - medan det finst tydelege merkje i lende og verlag, jakt- og fiskeumråde - at gamle stadnamn hev sitt opphav i naturtilhøvi på staden. At namnelekkjen "Os" skulde tyde "Ás" avviser Vågslid med at "os" aldri hev vore sagt med åpen o. Både "os" og "as" - meiner Vågslid - kjem av "Æsa" som tyder á svella. Det kann soleis tyda ei elv som svell - ei elv som det ofte er flaum i.

Namnelekkjen "lo" tykkjast alle granskarar vera samde um - tyder - slette. Aslo eller Oslo tyder soleis SLETTA VED ELVI SOM SVELL. Og elvi det her er tale um er ALNA (eller elvi) som kjem ovanfrå Alunsjøen og Breidsjøen som ligg i skogjen ovanfyre þveit - dvs. det som no vert kalla Veitvedt.

Akersbørg var det gamle namnet på Akershus. Breidtveit skynar me er det noverande Bredtvedt, Vegartveit, Veitvedt, og Nordtveit og Raudtveit ligg der dei alltid hev legje. At Ambarrud er noverande Ammerud, skulde òg vera innlysande. Barnakallsrudi er Bonnkall - og Oravellir er noverande Árvoll. Breid-

sjøen og Alun-sjøen er kjende vatn i marki ovanfyre området.

Arnarud er ikkje lenger eit stadnamn i området, men me veit at namnet og staden er historisk røyndom. I biskop Øysteins jordebok kann me lesa um Arnerud. Me finn der eit "vitneprov" - avgjevi i året 1457 av Astrid Þorsteinsdotter på Sandaker gard. Vitneprovet er gjevi til Sira (sokneprest) Lavrans Jensson. Astrid segjer her at ho minnest seksti år eller meir attende i tidi. Ho fortel m.a.:

Likeins er det ein teig som dei kallar Sandaker-teigen som er eine-eige til Sandaker; han ligg ved vatnet som ái renn ut frá - Sancte Margretes vatn, og han når frá á-mynnet upp til bergjet og så inn til vegjen som fører upp til Grefsvin, til ein bekk som kjem ut ór møsen og renn ned i ái. Og med teigjen fyljer fiskje i halve ái. Men nedanfyrt teigjen ligg ein øydegard som vert kalla Arnerud.

Namnet på ein bekk som kjem upp or marki vart kalla "Vellbekken". Um dette var namnet på den her umtala bekken er ikkje kjent.

I eit nytt vitneprov frå året 1466 tek



Astrid Þorsteinsdóttir upp att utsegni um "teigjen" som inneheld både skog og eng:

Sameleides eig Sandaker ei eng som heiter Olavs-eng og ligg uppe ved Margarete-vatn, som á renn ut ór, og dessutan eig Sandaker halft fiskje i elveósen forutan skogjen ut til Arnarud ut med ái og upp til almannavegjen; men óvanfyre almannavegjen eig Grefsvin gardar.

Ut frá desse tvo vitneutsagni kann me slá fast at Arnerud er det me i dag kallar Engbráten, segjer Harry Lagert - mangeárig formann i historielagjet for Grefsen - Kjelsás - Nydalen. Engbráten er i dag eit friumråde ved sida av at han er utlagd til parselldyrking og planteskule. Det gror soleis framleides på Arnes rudning og Olavs-eng.

Olavs-eng er det me i dag kallar Kjelsás, like sud for Oset til Engbrátjordet, segjer Harry Lagert.

Kva tid Arnerud vart øydegard, er ikkje sagt i utsegni frá Astrid Þorsteinsdóttir.

"Profastaeng" er Provstengen - ein eigeendom, skild ut frá Oslo Lade-gárd. Eigedommen femna um teigjen millom Økernvegjen, Bergsløkka, Enerhaugjen, Galgebergjet og Ákebergvegjen. Kaupmann Andreas Linnholtz - som var eigar av Oslo Ladegárd frá 1806 - utparsellerte Provstengen - som då vart dela upp i dei mindre løkkune - Frydendal - millom Hovinbekken og Ákebergvegjen, Lille Provstengen, Sorinelyst og Sommerfryd. Dei siste låg på rad på nordsida av Ákebergvegjen. Elles vart Lilleengen, Tidsfordriv og Schróderløkka fráskilde. Den siste vart seld til vognmann Ole Grue i 1839 og vart kalla Grueløkka. (Oslo byleksikon).

Eigedommen Provstengen hev soleis truleg femna um det som no er Kampen Park og Jordal idrottsplass burt til Enerhauggata. Enno finst Gruegata - eit lite gatestykkje jamsides Jens Bjelkesgate - elles er ingjen av dei gamle namni á finne på eit Oslo-kart av idag. Kongegatune og austetter til og med Jordalsgata hev høyrert til eigedommen Provstengen.

"Eykrin" er Økern, og "Reppistader gardom" er Refstad - området nord-aust for Sinsen, d.v.s. ikring Bjerkebanen. Og Veykrvin er det me no kallar Vækerø. Noko øy hev Væykrvin visseleg aldri vori.

Sudrheim er Sørum.

Umtalen av Hafþor Jonson av Sudrheim (no Sørum) som sysselmann - og ættlingane eftir hønom og Agnes Hákonsdóttir er millom dei historiske



røyndomar som er lagde til i den nye boki. Umtalen av Agnes er rein dikting. Ingjen av dei sogebøkene som er grunnlaget for dei hendingane som reknast for á vera sanne, finst noko meir um Agnes enn at ho vart gift med Haftor Jonson.

Ryjarbit finst ikkje på noko kart i dag. Namnegranskarane hev heller ikkje vore heilt samde um kvar Ryjarbit ligg på kartet eller i landskapet, men at det ligg einkvan staden på kysten av Sud-Noreg, det er dei samde um. At det òg var eit gamalt landeskil, det kjenner me til frá saga. I ei semja millom baglane og birkebeinane i året 1208 vart det slegje fast at baglane skulde fá rádvælde yvir Upplönd og landet millom Svinesund og Ryjarbit.

I mange norske sogeverker er det sagt at landsluten Vik gjekk vest til Ryjarbit. Og i Heimskringla stend det at danekongjen Knut den mektige lova Erling Skjalgson på Sola at "han Skyldi hafa land alt til forráða milli Stadar og Rygiarbit".

I ein freistnad på á finne ut báde tyding av namnet og i á finna ut kvar staden finst, so hev det vore framme i dryftin-

gane at namnet kunde tyde "Kjeringbitet" eller "Gygrebitet"(Gustav Indrebø). Ei anna tyding er "Gygreaset"(Per Hovda). Det hev vore dryfta um det er eit punkt i landskapet (Asgaut Steinnes) eller um det er eit større landumråde til liks med Stadtlandet. Eivind Vágslid segjer at "bit" tyder "beite" og "ryr" tyder lausull på utgangsau. "Ryjarbit" má soleis tyde "smalabeite". Han meiner òg at Ryjarbit má vera eit landumråde og ikkje eit punkt.

Alle granskarane tykkjest vera samde um at Ryjarbit ligg i området Gjernes - Levanghalvøyi. Sjølve skrivemáten av namnet hev det òg vore ymsande meiningar um. Namnet hev vori stava på ymis vis i gamle dokument. Johan K. Bergwitz nytta skrivemáten "Rygjarbit". For meg tykkjest skrivemáten som Vágslid nytta vera den mest truverdigte rette. At det òg er Levanghalvøyi, og ikkje Gjernesstangen som det er tale um i dei gamle dokumenti, det tykkjest òg á vera det mest rimelege, meiner Vágslid.

Levanghalvøyi ligg millom Kragerø og Risør.

Kjøp demokratiske appelsiner!



NORSK  
ISRAEL  
SENTER  
mot antisemittisme

[www.norskisraelsenter.no](http://www.norskisraelsenter.no)

Tlf: 6992 1422

## NIS-info

### Bladet for deg som:

- Vil vita meir um Israel og jødedomen
- Ynskjer meir kunnskap um assyrarar, koptarar, kurdarar og andre folkeslag som dagleg vert tynte av arabiske okkupantar
- Etterlyser meir sakleg og balansert informasjon um stoda i Midtausten
- Et Jaffa-appelsinar og Carmel-potetor med god appetitt og godt samvit!

NIS-info vert fritt sendt til 20.000 husstandar. Friviljugt støtteabonnement kr 250.

Kontakt oss på [post@norskisraelsenter.no](mailto:post@norskisraelsenter.no) eller NIS-info, Seljevegen 18, 1825 Tomter, Norway.

## Ikkje Tele(mark)-guten

Av Thoralf Bergwitz

"Vesle-Kari vår - så liti som ho går - ho løyka ein kar ifrå HALLINGDAL - med sale og med hest og med sylvknappa vest, med gullstava hår og med sprøtablete på.

Og TILE-guten visste sitt eigi beste - kaupte seg ei DRÆTT mæ fe og mæ heste - ...."

Som me ser - når me ser etter - so er det ein kar ifrå Hallingdal som Vesle-Kari lokkar - ikkje ein gut ifrå Telemark. Det er òg berre ein gut - ikkje tvo gutar - som Vesle-Kari lokkar. Det er ikkje både ein kar ifrå Hallingdal og ein gut ifrå Telemark - slik som me tidlegare hev trudd.

I teksten som Landstad hev nedteikna heiter det au TILE-guten - ikkje TELE-guten.

Men kva er så TILE-guten?

TILE er eit gamalnorsk ord - skrivi med fyrste bokstaven for den ustemte th-ljoden som finst i engelsk - thilir. Ordet kann tyde det same som TELE, men det kann òg tyde noko anna. TELE kann dessutan hava meir enn ei tyding.

Og etter som me skynar - når det er tale um berre ein gut - og det er ingen ting i teksten som tyder på at det er tale um meir enn ein gut - so må ordet tyde noko anna enn TELE i tydingi "guten frå Telemark", for karen er ifrå Hallingdal.

Kva tyder så TELE?

Etter Ivar Aasen Norsk Ordbog kann ordet TELE tyde is i marki. Og medan ei tunn is-skorpe på marki heiter "klaki" - eller "klak(j)e" - so tyder "tele" eit djupare islag i jordi.

Ordet "TELE" kann òg tyde SKOGLAUS FJELLMARK - "vel egentlig bar grund", segjer Ivar Aasen.

Namnet Thelamørk (Þelamørk) er nemnt m.a. i Hirdskrâ. Hirdskrâ er - som me veit - fyresegnir for hirden. Olav Haraldson "den heilage" skal ha vori den fyrste som gav fyresegnir for hirden sin. Reglane for hirden vart umarbeidde og umvølte av Olav Kyrre. Kong Sverre var truleg den som utarbeidde den fyrste skrivne hirdskrâi. Men den eldste nedskrivne hirdskrâi som det er funni fragmentar av, er frå tidi 1280-1350. Denne hirdskrâi skal vera utarbeidd (umarbeidd etter kong Sverres hirdskrâ) av Magnus Lagabøte. Det er her me finn namnet Þelamørk.

Me veit difor at namnet Þelamørk er eit gamalt namn. Me veit òg at Þelamørk var namnet på den nord-vestre luten av det

som no heiter Telemark. Den austre luten heitte Grenland (som i dag).

Når me veit at den nord-vestre luten av Telemark er eit høglend, so høver tydingi SKOGLAUS FJELLMARK som hønd i handske for landskapet Telemark med Hardingviddi. Den skrinne fjellmarki er elles ikkje serleg plaga av tele i jordi, so det tykkjast tvillaust at namnet Telemark hev sitt opphav i den skoglause fjellmarki og ikkje frå mogleg islag i jordi.

Og um ordet tele tyder mark med furuskog - som målgranskaren Eivind Vågslid nemner i boki si Stadnamntydingar II - forutan denne skoglause fjellmarki, so er det lite som høver med meir tele - islag i jordi - enn elles i landet.

Men både islaget i jordi og den skoglause fjellviddi er i gamalnorsk skrivi "Þilir". Det tykkjast difor som umme ikkje er komne nærare løysingi på gåta med tileguten som visste sitt eigi beste.

Men "Leita så skal du finna", stend det i den store boki.

Me finn fleire ord på TELE.

Teledrøpe er drøpe (drying) frå brâna is - is-smelting - frå ei tōka som er dekt med tōrv forarsaget ved optøen efter frost", som gamle Ivar segjer.

Kann hende det er her at "hunden er gravlagd".

Er TELE-guten" eller TILE-guten den guten som er upptødd av Vesle-Kari?

Når me so leitar i boki etter ordet tile - jau , so sanneleg - so finn me gjerningsordet tila - og det er eit ord for - nettupp - opmuntre til noget - snakke for En, søge at virke på ham. (Bingo!)

Denne karen frå Hallingdal som er "lokka" av Vesle-Kari, han skyna - eller "visste" - sitt eigi beste. Kva hadde Vesle-Kari lokka denne guten til? Jau - millom anna - til å kaupe seg ei "drætt" (ikkje "drift") mæ fe og mæ heste.

Ingen tvil um det, nei.

TILE-guten er guten som er upptødd og soleis er komen i godlag.

Han hev visseleg vori litt kald av seg fyri Kari tødde hōnom upp ved å gjeva hōnom gode råd um å kaupe seg ei drætt mæ fe og mæ heste.

Det er so at ordet TILE kann òg tyde GOLV - i hus eller i båt (tilje) eller òg hylle i skâp - og at ein tilegut soleis kann vera ein gut som enno er so liten at han berre kann krabbe på tili(golv). At det soleis her kunde vera ein gut som diktaren

av denne skjemtevisa vilde hava gjort so liten som råd, det er ikkje heilt utenkjeleg. Men i det fall er det ikkje lenger berre harmlaus skjemt, men heller ei djupare hæding. Eg vil heller tru på forklaringen med optøen. Det høver òg so mykje betre med forteljingi elles i visa.

**"DRÆTT" - "drift".**

DRÆTT er det opphavelige ordet i visa (sjå medsendt teikning med tekst): "kaupte seg ei drætt mæ fe og mæ heste". Drætt er vorti til drift i visa av i dag. Det er visseleg ikkje så langt undan det same, men heilt det same er det ikkje. Ei drift er ein bølging som er under driving (flytjing) frå ein stad til ein annan stad. Eg trur ikkje at diktaren meinte at det var ein bølging i driving at denne guten kaupte seg. Etter det eg hev lært av å studere litt i det gamle tungemålet vårt, so var dei sers nøgne med ordi som dei valde når noko skulde segjast Dette tykkjast òg ha vori tilfelle med deim som laga dei gamle folkevisune våre òg. Ordet DRÆTT er heller ikkje det same som DRIFT. Me stend alltid i fære for å vende um på meiningane til opphavsmannen når me skal flikke på det som han hev sagt.

Det denne guten kaupte seg, var ein bølging, men bølgingen var ikkje i drift i anna tidsrom enn då han vart flutt - flutt heim til der guten budde. Ordet drift i denne samanhengen er soleis eit ord som ikkje høver til meiningi.

Kva tyder so ordet DRÆTT ?

DRÆTT er i røyndi det same ordet som drått. Dette ordet kann tyde so mangt. M.a. so tyder det noko som er sankka eller samla saman. Ordet hev samanheng med å draga, t.d. å draga saman noko. Ivar Aasen nemner m.a. landtog i eit fiskevød. Eit fiskevød er ei fiskenet. Landtog må vera det toget som ein dreg upp noti med.

Ordet er skrivi drått i gamalnorsk og det er nytta m.a. um andedrag, og fiske-drag i fiskje med snøre.

I visa må meiningi evlaust vera ein bølging som er sankka i hop. Ikkje ein bølging under driving - ikkje ein bølging i DRIFT.

Men då tileguten dreiv heim bølgingen som han hadde kaup - då var bølgingen i drift - og då var det at Kari gjekk fyri lullands og lokkands, og TILEGUTEN sjav kom etter - og jaga på - i verkeleg godlune for den gode handelen han var lokka til å gjera. Difor kom han tiltands og hoppands.

Og etter som denna karen frå Hallingdal var ein som lika å stasa seg upp - med både gullstava hår (gullstripe - eller gullband - i håret), med sylvknappa vest og jamvel med sprõtabelte på, so kjem liksom krunga på verket til slutt med - på SILKJESOKKA. Han kom ridande på hesten som heitte SILKJESOKKA - truleg fordi han hadde kvite sokka-kvite høver og øklo.

Kven kjem so uppstasa drivande på ein bøling? Det kann berre TILEGUTEN og berre, berre han. Ja, det er det berre Tileguten - og ingen fleire som kann. Difor ei visa um honom!


### "SPROTABELTE".

Lat meg taka med det underlege ordet sprõtabelte med det same.

Me må koma i hug at det som folk i gamal tid nytta til å bitte kladi til kroppen, var ei LIVGJURE (livgjord). Dette var ei snor som dei knytte med ein knute. Det må difor - ei tid - ha vori noko sers gjævt og uvanlegt å hava eit SPROTA-belte på seg - elles var det ikkje noko å nemne i ei vise - serleg ikkje i ei skjemtevise.

O-en i sprøta er ein òpen o - ein ljod som nærmar seg å utan å vera ein å. Ljoden nærmar seg òg ein ø utan å vera ein ø. Det tykkjest vera vandskeleg for mange nordmenn å få til denne ljoden som elles er vanleg i mange bygdemål. Men når me lærer engelsk tale DÅ tykkjest denne ljoden ikkje vera vandskeleg å få til. Då segjer me BUCKINGHAM med ekta engelsk uttale.

Ein trøng o i ordet - sprøta(-belte) kann føre tankjen mot eit ord skrivi med u - spruta. For - som me veit - so hev me



mange ord i tungemålet vårt der ord med o-utale vert skrivne med u. Jamfør kum, rum, ung, lumme, krum, dunk o.d., der me alle segjer trøng o(ó) i talen. Me veit at jamvel ordet lut ikkje er stogga ved lót, men er i dag vorti til lótt der uttalen er nærare látt enn lótt (med trøng o).

Um dette ikkje skulde vera yvitydande, so er det i alle høve so at SPRØTA-belte vart sagd med òpen o den tidi då ordet var vanleg i talen her i landet.

Det som det er tale um i visa er eit belte med ei spenne i. Sprøten er - i røyndi ei stikke eller ein pinne. Det er difor den slags belte med hòl i som pinnen vert stukkjen i for å halde på ein høveleg stamming av beltet. Me kjenner godt ordet "belte-spenne", men spenne-belte er meir skjeldhøyrd. Men no når me veit tydingi so vert det vel råd med å få til ein òpen o i sprõtabelte òg.

Visa er mykje sungji og leika, so det kunde vòri gildt um både meiningi og den rette uttalen kom fram i songjen. Det er alltid gildare å vera med på noko når det tykkjest meining i det ein er med på, enn noko utan meining.

Litt målkunnskap kann vel òg koma vèl med - slik aven og te? For ikkje å segja - det er vel det som er hovudfyremålet med leikjen? Det var i alle høve det som Hulda Garborg meinte med å henta fram att or gløymsla dei gamle visune og knyte deim saman med leikjen - som ho sjølv komponerte. At òg Klara Semb var fyllt av dei same hugrørslur, den same eldhug for det gamle -

og livs levande - tungemålet vårt, det er ikkje eg i tvil um. Eg kann "smykke" meg med at eg gjekk på skeid for Klara, og vart ein personleg ven med henne. Eg veit difor godt kva som dreiv henne til det ho bruka livet sitt til å gjera fyr ungdomen og fyr folket elles.

Måtte berre mange fleire få augo upp for det verdfulle som låg attum det som desse tvo kvendi lagde so mykje eldhug og krefitir i å få fram.

*Målmannen er avhengig av folk som skriv høgnorsk. Kom gjerne med stykkje og innlegg til bladet!*

Attende til: Målmannen, Natland stud. by S136, 5081 Bergen

### Sluttordet:

*Berre eit lite stig skil det upphøge frå det låttelege.*

Napoleon Bonaparte